

Møteinnkalling

Utval:	Utval for opplæring og helse
Møtestad:	Skulebesøk Voss 13. mars - møterom Nordhordland 14. mars, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5
Dato:	13.03.2018
Tid:	10:00

Det blir med dette kalla inn til møte i Utval for opplæring og helse **13. og 14. mars 2018.**

Program tirsdag 13. mars: Sjå eige program side 2.

Møtet 14. mars.

Stad: Fylkesbygget, møterom «Nordhordland», 4. etg.

Program

- Kl. 10.00 Presentasjon/musikkinnslag av Manger Folkehøgskule
- Kl. 10.30 Utdanningsforbundet – orientering om prioriterte saker v/Turid Strømmen og Arild Ingvaldsen
- Kl. 10.40 Sakshandsaming
- Kl. 12.00 Lunsj i kantina
- Kl. 12.30 Sakshandsaminga held fram

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Utval for opplæring og helse. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Emil Gadolin
utvalsleiar

Køyreplan tirsdag 13. mars – Utval for opplæring og helse

- Kl. 07.57 Tog frå Bergen til Voss
- Kl. 09.08 Ankomst Voss stasjon, busstransport til Voss vgs
- Kl. 09.30 Program Voss vidaregåande skule
- Kl. 11.15 Lunsj - busstransport til Voss Gymnas
- Kl. 12.00 Program Voss gymnas
- Kl. 14.15 Avslutning, spasertur til Voss stasjon
- Kl. 14.37 Avreise Voss stasjon
- Kl. 15.57 Ankomst Bergen

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 25/18	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 26/18	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 27/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 11/18	Skulefrukost - opptrapping	2018/92	
RS 12/18	Varsling i Hordaland fylkeskommune - svar på spørsmål	2018/7767	
RS 13/18	Deltaking i ordning med fylkesvise mobbeombod	2018/7777	
RS 14/18	Folkehelseundersøking i Hordaland	2017/4780	
RS 15/18	Årsrapport vaksenopplæring 2017	2018/7812	
PS 28/18	Ymse		
PS 29/18	Disponering av investeringsmidlar opplæringssektoren 2018	2018/7439	
PS 30/18	Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, tiltak 2018/19.	2017/17798	
PS 31/18	Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2018	2015/9089	
PS 32/18	Moglegheit for å få til ei landslinje innan design og tekstil Vg2	2017/16980	
PS 33/18	Tidstjuvar i skulen	2018/7943	

PS 25/18 Godkjenning møteinnkalling og saksliste

PS 26/18 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

PS 27/18 Referatsaker (meldingar)



Notat

Dato: 23.02.2018
Arkivsak: 2018/92-68
Saksbehandlar: linfar

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Skulefrukost - opptrapping

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt budsjettvedtak i desember 2017, der det vart sett av 2,5 mill. kroner til opptrapping av ordninga med skulefrukost.,

I 2015 gav Helsedirektoratet ut nye retningslinjer om mat i skulen - Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i skulen. Der blir det understreka at måltida er ein grunnleggjande faktor i eit læringsperspektiv, fordi dei fremjar konsentrasjon og læring, og bidreg til trivsel i skulekvardagen. Handlingsprogrammet under *Regional plan for folkehelse – fleire gode leveår for alle 2014-2025*, er under revisjon og viser tydeleg i eige tema under kapittelet oppvekst og læring, tiltak om vidareføring av ordninga med gratis skulefrukost. Eit organisert og sunt frukosttilbod før skulen begynner er helsefremjande. I tillegg vil elevane samlast på ein arena som bør ha som mål å vere både sosial og inkluderande, og som på sikt kan bidra til å redusere sosiale forskjellar i helse.

Midlar til gratis skulefrukost blei lyst ut til dei vidaregåande skulane 03.01.2018, og hadde søknadsfrist 17.01.2018. Det er gledeleg å konstatere at 33 skular har søkt om støtte til ein total sum på 10 158 402,-. Det er sett av kr 6 500 000 i 2018 til formålet, og alle midlane er fordelt på skulane som har søkt. At talet på søknader har auka frå i fjor, vitnar om stor interesse for eit frukosttilbod, og auka forståing for at tiltaket har noko å bety for elevane sitt fysiske og psykiske læringsmiljø.

Midlane som blir fordelt på skulane, skal gå til råvarene dei treng til frukosten, ikkje til løn i samband med gjennomføring av ordninga. For å kunne ha oversikt over korleis skulane disponerer midlane, pliktar dei å sende inn ein rapport med frist **15.12.2018**, om organisering, økonomi og deltaking. Rapporten skal sendast opplæringsavdelinga.



Notat

Dato: 19.02.2018
Arkivsak: 2018/7767-1
Saksbehandlar: torruti

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Varsling i Hordaland fylkeskommune - svar på spørsmål

Varsling i Hordaland fylkeskommune – svar på spørsmål

I protokollen for møtet i utval for opplæring og helse 6. februar 2018, er følgjande referert:

«Dan Femoen (H) bad om følgjande:

Varslingsrutinene skal være lett tilgjengelig for alle arbeidstakere i virksomheten, jfr. arbeidsmiljølova § 2 A-3. Ber derfor administrasjonen om å gjere varslingsrutinane lett tilgjengelege på websida hordaland.no.»

Nettstaden www.hordaland.no er primært ein utadretta kommunikasjonskanal for fylkeskommunen der målgruppa er ulike eksterne aktørar.

For tilsette nyttar fylkeskommunen eit knippe interne kommunikasjonskanalar t.d. intranett, der varslingsrutinane ligg lett tilgjengeleg for alle tilsette. Vidare har fylkeskommunen oppretta nettportalen «Mitt varsel», som også er tilgjengeleg på intranettsida. Via dette systemet kan tilsette kommunisere direkte med fylkeskommunen sitt eige varslingsutval og søke råd i aktuelle saker, om ønskjeleg også anonymt.

Gjennom ulike informasjons- og opplæringstiltak vert det jamleg retta merksemd mot varslingsrutinane, m.a. på kurs for nyttilsette, i leiaropplæringa og i form av opplegg for e-læring for heile organisasjonen.

I tråd med utviklinga i arbeidsmiljølova og dei erfaringane fylkeskommunen har gjort på dette området er reviderte varslingsrutinar lagt fram for handsaming i administrasjonsutvalet og fylkesutvalet i februar.

Fylkesrådmannen legg opp til ein ny runde med informasjon og opplæring blant tilsette i kjølvatnet av dette.



Notat

Dato: 19.02.2018
Arkivsak: 2018/7777-1
Saksbehandlar: torrutl

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Deltaking i ordning med fylkesvise mobbeombod

I oppdragsbrev 17/40 frå Kunnskapsdepartementet vert Utdanningsdirektoratet beden om å setje i verk ei ordning med fylkesvise mobbeombod frå hausten 2018. Hordaland fylkeskommune fekk ein invitasjon til å bli med i ordninga i januar 2018, som ein vil takke ja til å ta del i.

Hordaland fylkeskommune oppretta eit mobbeombod som ei forsøksordning allereie i 2014. Erfaringane synte seg å vere så gode, at fylkestinget vedtok å gjere ordninga fast i juni 2017. I oppdraget frå Kunnskapsdepartementet går det mellom anna fram at ordninga skal bygge på ei kostnadsdeling mellom fylkeskommune og staten.

Barn, elevar og foreldre skal vere omboda si primære målgruppe, og mobbeombodet skal ha både barnehage og skule som verkeområde. Dette inneber at mobbeombodet i Hordaland utvidar målgruppa si frå i dag å fokusere på vidaregåande skular, til å utvide fokus til å omfatte barnehagar og skular.

Fylkeskommunar som ønskjer å ta del i ordninga skal sende faktura til Utdanningsdirektoratet. Fylkeskommunen vil deretter ta i mot eit statleg tilskot for mobbeombod i sitt fylke.

Ordninga vil ha ein verknad på eit halvt år, og svarar til kr 250 000,- per fylke. Tilskot for 2019 vil ha heilårsverknad, og vil vere på kr 500 000,- per fylke.

Ordninga skal evaluerast, med sluttrapport til departementet innan 1.12.2019.

Vedlegg: *Invitasjon til deltakelse i ordning med fylkesvise mobbeombud*



Saksbehandler: Frode Restad

V r dato:
02.01.2018
Deres dato:

V r referanse:
2018/8687
Deres referanse:

Akershus fylkeskommune

Invitasjon til deltakelse i ordning med fylkesvise mobbeombud

Vi viser til oppdragsbrev 17/40 fra Kunnskapsdepartementet der Utdanningsdirektoratet bes iverksette en ordning med fylkesvise Mobbeombud fra h sten 2018.

Vi inviterer med dette alle landets fylkeskommuner til   delta i ordningen.

I oppdraget fra Kunnskapsdepartementet g r det blant annet frem at ordningen skal bygge p  en kostnadsdeling mellom fylkeskommune og staten, og at Utdanningsdirektoratets forslag til nasjonalt mandat (jf. vedlegg) skal ligge til grunn for ordningen. Barn, elever- og foreldre skal v re ombudenes prim re m lgruppe, og mobbeombudet skal ha b de barnehage og skole som virkeomr de. Det skal legges til rette for et godt samarbeid om det psykososiale skolemilj et i videreg ende oppl ring med elev- og l rlingombudene. Ansettelse i fylkeskommunens stab og samlokalisering med elev- og l rlingombudene vil v re den foretrukne l sningen. Ordningen skal evalueres, med sluttrapport til departementet innen 1.12.2019

Vilk r for tilskudd

- Fylkeskommuner som  nsker   delta i ordningen sender faktura til Utdanningsdirektoratet. Fylkeskommunen vil deretter motta et statlig tilskudd for mobbeombud i sitt fylke. Ordningen gjelder i perioden 1.8.2018 til 31.12.2019.
- Deltakelse i ordningen medf rer en forpliktelse til   innrette mobbeombudet i samsvar med nasjonalt mandat (jf. vedlegg).
- Fylkeskommunen kan i tillegg (jf. vedlegg) gi mobbeombudet oppgaver utover de som er beskrevet og tilpasse ordningen p  en m te som synes hensiktsmessig i eget fylke.
- Fylkeskommunene skal snarest, og innen 1.8.2018, orientere Utdanningsdirektoratet om opprettelsen av mobbeombud i fylket, inkludert vedtatt mandat og kontaktinfo til ombudet.
- Fylkeskommunen plikter   samarbeide med fagmilj et som f r ansvar for evaluering, og bidra til effektiv gjennomf ring av denne i eget fylke.
- Fylkeskommunen plikter   rapportere til Utdanningsdirektoratet ved foresp rsel. Slik rapportering kan eksempelvis omhandle status og vurdering av ordningen. Rapporteringen vil v re kortfattet.

Postadresse:

Postboks 9359 Gr nland,
0135 OSLO

Telefon:

+47 23 30 12 00

Org.nr.:

NO 970 018 131

E-post:

post@udir.no

Internett:

www.udir.no

Faktura

Ordningen vil ha halvt års virking i 2018 (fra 1. august), og tilsvarer kr 250.000,- per fylke. Fylkeskommuner som ønsker å delta i ordningen sender en faktura pålydende kr 250.000,- innen 15.mars 2018.

Tilskudd for 2019 vil ha helårvirkning og være på kr 500.000,- per fylke. Faktura pålydende kr 500.000,- sendes innen 15. mars 2019.

Faktura sendes Utdanningsdirektoratet:

(EHF) organisasjonsnummer NO 970 018 131.

Papirfaktura: Fakturamottak DFØ, Postboks 4746, 7468 Trondheim.

Oppgi bestillereferanse 1760HGK.

Ved spørsmål til ordningen kontakt Halvor Gillund Knudsen på telefon 2330 1409 eller e-post hgk@udir.no.

Vi ønsker lykke til med dette viktige arbeidet.

Vennlig hilsen

Marit Hognestad
avdelingsdirektør

Frode Restad
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

1. Oppdragsbrev 17/40
2. Nasjonal ordning med fylkesvise mobbeombud

NotatDato: 22.02.2018
Arkivsak: 2017/4780-2
Saksbehandlar: ainhaug

Til:	Utval for opplæring og helse Utval for miljø og samferdsel Fylkeseldrerådet Ungdommens fylkesutval Utval for kultur, idrett og regional utvikling Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Folkehelseundersøking i Hordaland

«Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018» er ei spørjeundersøking som skal gå ut til eit representativt utval av den vaksne befolkninga i fylket (19+). Den blir omtala som heildigital fordi invitasjon, utfylling av spørjeskjema og vidare oppfølging går føre seg digitalt. Det vil ikkje bli sendt ut spørjeskjema i posten slik som har vore vanleg. Dette er første gong ei så stor undersøking blir gjennomført på denne måten i Noreg. Fordi det er knytt usikkerheit til ein ny metode vil invitasjon til å delta gå ut til ein relativt stor del av befolkninga. Dette er for at vi skal vere trygge på at vi får mange nok svar til at vi får resultat som vil vere pålitelege og seie noko om folkehelsestanden i heile befolkninga. Sidan vi unngår utgifter til porto og trykking av skjema, blir dette likevel langt billegare enn ei tradisjonell spørjeundersøking.

Undersøkinga blir sendt ut til befolkninga rett etter påske; 9. april 2018. Då vil 65.000 innbyggjarar få invitasjon til å delta via epost og/ eller sms.

Pilot i samarbeid med Folkehelseinstituttet

Dette er ein pilot som er utvikla i samarbeid med Folkehelseinstituttet (FHI). FHI er prosjekteigar. Målsettinga for prosjektet er å utvikle ei heildigital løysing og malar for gjennomføring av befolkningsundersøkingar. Dette for å gjere gjennomføringa billegare og enklare å gjennomføre for landets fylker. Initiativet må sjåast i samanheng med krava i [Folkehelselova §21](#) der det står at departementet kan gi fylkeskommunen plikt til å gjennomføre befolkningsundersøkingar, og om innhaldet i og gjennomføringa av slike undersøkingar i fylket. Per i dag er det ikkje eit slikt pålegg. Det er likevel eit felles ønske frå fylkeskommunane om at FHI skal leggje til rette for ei slik undersøking i tett dialog med fylkeskommunane. Denne piloten er basert på ein tidlegare pilot som blei gjennomført i Vestfold og Agderfylka i 2016 og erfaringane som blei gjort då ([FHI rapportar](#)). Denne undersøkinga blei gjennomført på papir.

Det er to løysingar som blir testa ut parallelt i denne piloten. Den eine er FHI sitt eige system for befolkningsundersøkingar, det andre er å nytte portalen helsenorge.no. Dei som blir inviterte, blir trekt frå Folkeregisteret og kontakta via høvesvis Difi sitt kontaktregister og via helsenorge.no. Grunnen til at Hordaland fylkeskommune blei invitert til å teste ut denne nye løysinga var at Hordaland er eitt av fylka med høgast del innbyggjarar som har ein profil på helsenorge.no. I tillegg er det lagt vekt på at Hordaland

fylkeskommune har eit eige statistikkmiljø med høg kompetanse på gjennomføring av spørjeundersøkingar og analyse av data.

Kvifor befolkningsundersøking

Ein viktig del av fylkeskommunen sitt folkehelseansvar, er å ha naudsynt oversikt over befolkninga si helsetilstand og utviklinga av denne. På bakgrunn av denne kunnskapen skal fylkeskommunen fremme folkehelse og gjere naudsynte grep innan dei ansvarsområda og med dei virkemiddel som fylkeskommunen er tillagt. Ei befolkningsundersøking er viktig for å få fram kunnskap om vår befolkning. Det er mykje vi kan finne av informasjon gjennom registerdata, men også svært mykje vi rett og slett må spørje om for å få svar på. I gjennomføringa av «Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt» erfarte vi at vi har store kunnskapshol når det gjeld helse i befolkninga. Det gjeld eigenopplevd helse, trivsel, aktivitetsnivå, med meir. I den utgåva kunne vi støtte oss noko til spørjeundersøkingar som har vore gjort i samband med tidlegare planar, men dette er ikkje noko vi kan rekne med å kunne bruke i neste runde.

Denne typen informasjon er relevant for fylkeskommunen sitt arbeid, men er og svært relevant for kommunane sitt folkehelsearbeid. Kunnskapen vi får gjennom denne undersøkinga skal nyttast i folkehelseoversikta, som eit grunnlag for planstrategien og som kunnskapsgrunnlag for vidare planarbeid og tiltaksutvikling i åra som kjem.

Det er ei prioritering at flest mogleg kommunar skal få eigne tal og rapportar for sin kommune. Kor mange kommunar som får dette, er det vanskeleg å seie noko om før undersøkinga har blitt gjennomført, ettersom det vil avhenge av svarprosent og tal svar frå kvar kommune.

I januar og februar vart det gjennomført ein pilot som gjekk ut til 2000 inviterte. Denne vart avslutta 20. februar og fekk god respons - 43% svarte. Dette lovar godt for vår hovudundersøking.

Kva spør vi om

Det har vore arbeid med malar for spørjeskjema i undersøkinga i fleire år, og representantar frå Hordaland fylkeskommune har delteke i referansegruppe for dette arbeidet. Vi har og fått vere med og påverke spørjeskjemaet som går ut i denne piloten. I tillegg til eit standard hovudskjema som vil vere likt for alle fylker som skal gjennomføre dette, har vi utarbeidd tilleggsspørsmål som vi har vurdert som særskilt viktige for hordalandssamfunnet. Spørjeskjemaet inneheld spørsmål om helse i vid forstand i form av levevanar og levekår; mellom anna trivsel i eige nabolag, deltaking i fritidsaktivitetar og ferdsel til og frå arbeid. Dei inviterte kan velje å svare på nynorsk, bokmål eller engelsk.

I arbeidet med å utvikle piloten har vi hatt dialog med Bergen kommune. Sidan Bergen som storby kan ha eigne utfordringsbilete dei kunne ønska å få belyst, fekk dei tilbod om å ha ein eigen tilleggsmodul. Dette viste det seg å ikkje vere trong for. Resultatet blei difor ein felles tilleggsmodul for heile fylket. Vi har og innhenta innspel og merknader frå dei andre kommunane i fylket for å sikre at spørsmåla er relevante for kommunane sitt folkehelsearbeid.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vart tidleg informert om og inviterte til å delta i undersøkinga. Med omsyn til å få utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag før samanslåing vurderte vi dette som relevant. Sogn og Fjordane valte å ikkje delta i denne runden. Dei har likevel fått tilsendt fleire utkast av spørjeskjema og har hatt moglegheit til å vere med å påverke utforminga av det.

Kostnad

Ei digital gjennomføring av spørjeundersøkinga har senka kostnadene betydeleg samanlikna med folkehelseundersøkinga som blei gjennomført i Vestfold og Agder-fylka. Ei slike undersøking medfører likevel visse kostnader. Det er FHI som prosjekterar som står for utviklingskostnadene og kostnadene knytt til gjennomføring. Hordaland fylkeskommune sine kostnader er knytt til utsending av sms til utvalet, oppfølging via telefonintervju for ei utvald gruppe, samt utgifter til kommunikasjon. Det er sett av 500.000 kr

til sms og telefonintervju, men her ser dei førebelse berekningane ut til å ligge godt under dette anslaget. Budsjet til kommunikasjon er på kr 350.000. Vi vurderer det som svært viktig å få promotert undersøkinga på ein god måte, sidan dette vil påverke svarprosenten og redusere behovet for telefonintervju i etterkant. Ein god svarprosent er avgjerande for om undersøkinga blir vellukka og i kva grad resultata kan brukast. Kostnadene blir dekkja av fylkeskommunen sine egne midlar.

SPØRJESKJEMA 16.11.2017

Folkehelseundersøkinga i fylka

Dette er ei undersøking om helse, trivsel og andre tilhøve som har innverknad for folkehelsa. Undersøkinga vil ta ca. 20 minutt. → helsenorge.no

Utdanning

Spørsmål 1: Kva er di høgaste fullførte utdanning?

- Grunnskule/framhaldsskule/folkehøgskule inntil 10 år
- Fagutdanning/realskule/vidaregåande/gymnas minimum 3 år
- Høgskule/universitet mindre enn 4 år
- Høgskule/universitet 4 år eller meir

Arbeids- eller livssituasjon

Spørsmål 2: Kva arbeids- eller livssituasjon er du i? (sett eitt eller fleire kryss)

- Yrkesaktiv heiltid
- Yrkesaktiv deltid
- Heimeverande
- Alderspensjonist
- Sjukmeld
- Uføretrygda/får arbeidsavklaringspengar
- Får sosialstønad
- Arbeidsledig
- Student/militærtjeneste

Inntekt

Spørsmål 3: Kva var husstanden si samla bruttoinntekt det siste året?

Ta med alle inntekter frå arbeid, trygder, sosialhjelp og liknande.

- Under 150 000 kr
- 150 000-250 000 kr
- 251 000-350 000 kr
- 351 000-450 000 kr
- 451 000-550 000 kr
- 551 000-750 000 kr
- 751 000-1 000 000 kr
- Over 1 000 000 kr

Trivsel

Spørsmål 4: I kva grad trivst du i nærmiljøet ditt?

- I stor grad

- I nokon grad
- I liten grad
- Ikkje i det heile tatt

Tryggleik

Spørsmål 5: I kva grad kjenner du deg trygg i nærmiljøet ditt?

- I stor grad
- I nokon grad
- I liten grad
- Ikkje i det heile tatt

Generell helse

Spørsmål 6: Korleis vurderer du helsa di til slik den er til vanleg? Vil du seie at ho er...

- Svært god
- God
- Verken god eller dårleg
- Dårlig
- Svært dårleg

Tannhelse

Spørsmål 7: Korleis vurderer du tannhelsa di? Vil du seie at ho er...

- Svært god
- God
- Verken god eller dårleg
- Dårlig
- Svært dårleg

Spørsmål 8: Når var du sist hos tannlege?

- 0-2 år sidan
- 3-5 år sidan
- Meir enn 5 år sidan

Filter: Spørsmål 8a blir stilt berre til deltakarar som har svart «meir enn 5 år sidan» på spørsmål 8.

Spørsmål 8a: Kvifor er det meir enn 5 år sidan du var hos tannlege? (sett eitt eller fleire kryss)

- Økonomiske årsaker
- Redsle/frykt
- Problem med transport/reiseveg
- Andre årsaker

Spørsmål 9: Kor mange av dine tenner har du framleis? (eit fullt tannsett er 32 tenner, inkludert visdomstenner)

- 9 eller fleire
 8 eller færre

FILTER: Spørsmål 9a blir stilt berre til deltakarar som har svart «8 eller færre» på spørsmål 9.

Spørsmål 9a: Brukar du tannprotese?

- Ja
 Nei

Langvarig sjukdom/nedsett funksjon

Spørsmål 10: Har du langvarige sjukdommar, helseproblem eller nedsette funksjonar av noko slag? Vi tenkjer også på sjukdommar eller problem som varierer med årstidene eller som kjem og går. Med langvarig meiner vi at sjukdommen/problemet har vart, eller er venta å vare, i minst seks månader.

- Ja
 Nei

FILTER: Spørsmål 10a stilles kun til deltakere som har svart «Ja» på spørsmål 10.

Spørsmål 10a: Korleis blir kvardagen din påverka av desse sjukdommane, helseproblema eller nedsette funksjonane?

- I stor grad
 I nokon grad
 I liten grad
 Ikkje i det hele tatt

Psykisk helse

Spørsmål 11.1: I kva grad har du den siste veka vore plaga av nervøsitet eller indre uro?

- Ikkje plaga
 Litt plaga
 Ganske mykje plaga
 Veldig mykje plaga

Spørsmål 11.2: I kva grad har du den siste veka hatt plager fordi du har kjent deg redd eller engsteleg?

- Ikkje plaga
 Litt plaga
 Ganske mykje plaga
 Veldig mykje plaga

Spørsmål 11.3: I kva grad har du den siste veka vore plaga av tankar på at framtida kjennest håplaus?

- Ikkje plaga

- Litt plaga
- Ganske mykje plaga
- Veldig mykje plaga

Spørsmål 11.4: I kva grad har du den siste veka hatt plager fordi du har kjent deg nedstemt eller tungsindig?

- Ikkje plaga
- Litt plaga
- Ganske mykje plaga
- Veldig mykje plaga

Spørsmål 11.5: I kva grad har du den siste veka hatt plager med bekymring eller uro?

- Ikkje plaga
- Litt plaga
- Ganske mykje plaga
- Veldig mykje plaga

Tilbod i lokalsamfunnet

Tenk på nærmiljøet ditt og kommunen din.

Spørsmål 12.1: ~~Opplever du at offentlege bygg er lett tilgjengeleg?~~ ~~Opplever du at det er enkel tilgjenge til offentlege bygg?~~

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Spørsmål 12.2: Opplever du at ~~det er enkel tilgjenge til~~ kultur- og idrettstilbod (kino, spisestader, bibliotek, svømmehall, idrettshall etc) er lett tilgjengeleg?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Spørsmål 12.3: Opplever du at ~~det er enkel tilgjenge til~~ butikkar og andre servicetilbod er lett tilgjengeleg?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Spørsmål 12.4: Opplever du at ~~det er enkel tilgjenge til~~ offentlig transport er lett tilgjengeleg?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

Spørsmål 12.5: Opplever du at ~~det er enkel tilgjenge til~~ grøntområde er lett tilgjengeleg?

- Ja
- Nei

Veit ikkje

Spørsmål 12.6: Opplever du at det er enkelt for deg å bevege deg i og rundt din eigen bustad?

- Ja
 Nei
 Veit ikkje

Spørsmål 12.7: Opplever du at det er enkelt for deg å bevege deg i nærmiljøet ditt?

- Ja
 Nei
 Veit ikkje

Spørsmål 12.8: Opplever du at det er enkelt for deg å komme deg til natur- og friluftsområde?

- Ja
 Nei
 Veit ikkje

Spørsmål 12.9: Opplever du at det er enkelt for deg å finne og lese informasjon om offentlege tenester?

- Ja
 Nei
 Veit ikkje

Spesifikasjonsmerknad: Dersom det let seg gjere, skal antall svar på spørsmål 13 begrenst til maksimalt fire.

Spørsmål 13: Kva er viktig for at du skal trivast i nærmiljøet ditt? (maksimalt fire kryss)

- At eg kjenner naboane mine
 Å få vere i fred når eg ønskjer det
 Å ha tilgang til butikk og spisestad i nærmiljøet
 Å ha tilgang til ulike kommunale tenester (lege, skule, helsestasjon, NAV, etc)
 At nærmiljøet er fint og blir godt halde ved like
 Å ha tilgang til natur- og friluftsområde
 Å ha tilgang til sjø og strand
 Å ha utsikt til natur
 Gode gang- og sykkelveggar
 Enkelt å finne parkering
 Tilgang til felles møteplassar

Meistring og livskvalitet

Spørsmål 14.1: Ser du ei løysing på problem og vanskar som andre oppfattar som håplause?

- Ja, som oftast

- Ja, i blant
 Nei

Spørsmål 14.2: Føler du at dagleglivet ditt er meningsfullt og givande?

- Ja, som oftast
 Ja, i blant
 Nei

Spørsmål 14.3: Opplever du at ting som hender i dagleglivet ditt er vanskelege å forstå?

- Ja, som oftast
 Ja, i blant
 Nei

Sosial støtte og einsemd

Spørsmål 15.1: Kor mange personar står deg så nær at du kan rekne med dei dersom du har store personlege problem?

- Ingen
 1-2
 3-5
 Fleire enn 5

Spørsmål 15.2: Kor stor interesse viser andre for det du gjer? Vil du seie at dei viser...

- Stor interesse
 Noko interesse
 Verken stor eller lita interesse
 Lita interesse
 Inga interesse

Spørsmål 15.3: Det å få praktisk hjelp frå naboar om du skulle trenge det, er det...

- Svært lett
 Lett
 Verken lett eller vanskeleg
 Vanskeleg
 Svært vanskeleg
-

Spørsmål 16.1: Kor ofte føler du at du saknar nokon å vere saman med?

- Aldri
 Sjeldan
 Av og til
 Ofte
 Svært ofte

Spørsmål 16.2: Kor ofte føler du deg utanfor?

- Aldri

- Sjeldan
- Av og til
- Ofte
- Svært ofte

Spørsmål 16.3: Kor ofte føler du deg isolert frå andre?

- Aldri
- Sjeldan
- Av og til
- Ofte
- Svært ofte

Deltaking i aktivitetar

Spørsmål 17.1: Kor ofte deltek du i organisert aktivitet/ frivillig arbeid som f.eks. idrettslag, politiske lag, trussamfunn, kor **eller liknande?**

- Aldri
- 1-3 gonger per måned
- Kvar veke
- Dagleg

FILTER: Spørsmål 17.1a stilles kun til deltakere som har svart «Aldri» på spørsmål 17.1.

Spørsmål 17.1a: Kvifor deltek du ikkje? (sett eitt eller fleire kryss)

- Veit ikkje kva som foregår/ det er ikkje tilgjengeleg informasjon
- Kjenner ingen andre som er med
- Har ikkje tid
- Er ikkje interessert
- Føler meg ikkje velkommen i miljøet
- Det vert snakka eit språk eg ikkje meistrar
- Det er for dyrt
- Orkar ikkje/gidd ikkje

Spørsmål 17.2: Kor ofte deltek du i annan aktivitet, som for eksempel klubb, møter, treffe venner, trimturar med venner/ kollegaer eller andre?

- Aldri
- 1-3 gonger per måned
- Kvar veke
- Dagleg

FILTER: Spørsmål 17.2a vert stilt berre til deltakarar som har svart «Aldri» på spørsmål 17.2.

Spørsmål 17.2a: Kvifor deltek du ikkje? (Sett eitt eller fleire kryss)

- Veit ikkje kva som foregår/ det er ikkje tilgjengeleg informasjon
- Kjenner ingen andre som er med

- Har ikkje tid
- Er ikkje interessert
- Føler meg ikkje velkommen i miljøet
- Det vert snakka eit språk eg ikkje meistrar
- Det er for dyrt
- Orkar ikkje/gidd ikkje

Fysisk aktivitet

Spesifikasjonsmerknad: For antall dagar, timer per dag og minuttar per dag tillates det kun **HELTALL**. For antall dagar er tillatte verdier 0 – 7, for antall timer per dag er tillatte verdier 0 – 24, for antall minuttar per dag er tillatte verdier 0 – 59.

Tenk på all svært anstrengande aktivitet du har drive med dei siste 7 dagane. Med «svært anstrengande» meiner vi aktivitet som krev hard innsats og får deg til å puste mykje meir enn vanleg. Ta berre med aktivitetar som varer i minst 10 minutt i strekk.

Spørsmål 18.1: Kor mange dagar i løpet av dei siste 7 dagane har du drive med svært anstrengande fysisk aktivitet som tunge løft, gravearbeid, aerobics, løp eller rask sykling?

(HER BØR DET BRUKES RULLEGARDIN SLIK AT DE SOM SKAL SVARE TYDELIG SER AT DE KAN VELGE ALTERNATIVET NULL)

FILTER: Spørsmål 18.1a stilles kun til deltakere som har oppgitt et tall >0 på spørsmål 18.1.

Spørsmål 18.1a: Kor lang tid brukte du vanlegvis på svært anstrengande fysisk aktivitet ein av desse dagane?

- _____ timar per dag
- _____ minutt per dag
- Veit ikkje/usikker

Tenk på all middels anstrengande aktivitet som du har drive med dei siste 7 dagane. Middels anstrengande aktivitet er aktivitet som krev moderat innsats og får deg til å puste litt meir enn vanleg. Ta berre med aktivitetar som varer minst 10 minutt i strekk.

Spørsmål 18.2: Kor mange dagar i løpet av dei siste 7 dagane har du drive med middels anstrengande fysisk aktivitet som å bere lette ting, jogge eller sykle i moderat tempo? Ikkje ta med gange.

(OGSÅ HER BØR DET BRUKES RULLEGARDIN SLIK AT DE SOM SKAL SVARE TYDELIG SER AT DE KAN VELGE ALTERNATIVET NULL)

FILTER: Spørsmål 18.2a stilles kun til deltakere som har oppgitt et tall >0 på spørsmål 18.2.

18.2a: Kor lang tid brukte du vanlegvis på middels anstrengande fysisk aktivitet på ein av desse dagane?

- ____ timar per dag
 ____ minutt per dag
 Veit ikkje/usikker

Tenk på tida du har brukt på å gå dei siste 7 dagane. Dette inkluderer gange på jobb og heime, gange frå ein stad til ein annan, eller gange som du gjer på tur eller som trening på fritida.

18.3: Kor mange dagar i løpet av dei siste 7 dagane gjekk du i minst 10 minutt i strekk?

(OGSÅ HER BØR DET BRUKES RULLEGARDIN SLIK AT DE SOM SKAL SVARE TYDELIG SER AT DE KAN VELGE ALTERNATIVET NULL)

FILTER: Spørsmål 18.3a stilles kun til deltakere som har oppgitt et tall >0 på spørsmål 18.3.

18.3a: Kor lang tid brukte du vanlegvis på å gå ein av disse dagene?

- ____ timar per dag
 ____ minutt per dag
 ____ Veit ikkje/usikker

Det neste spørsmålet omfattar all tid du sat i ro på vekedagar dei siste 7 dagane. Inkluder tid du sit på jobb, heime, på kurs og på fritida. Dette kan svare til tida du sit ved eit arbeidsbord, hjå venner, mens du les, eller sit eller ligg for å sjå på TV.

18.4: Kor lang tid brukte du på å sitte på ein vanleg kvardag dei siste 7 dagane?

- ____ timar per dag
 ____ minutt per dag
 ____ veit ikkje/usikker

Kosthald

Spørsmål 19.1: Kor ofte et eller drikk du vanlegvis sukkerhaldig brus/leskedrikk?

- Sjeldan/aldri
 1-3 gonger per måned
 1-3 gonger per veke
 4-6 gonger per veke
 Dagleg

Spørsmål 19.2: Kor ofte et eller drikk du vanlegvis frukt og bær (ikkje rekn med juice eller fruktsaft)?

- Sjeldan/aldri
 1-3 gonger per måned

- 1-3 gonger per veke
- 4-6 gonger per veke
- Dagleg

Spørsmål 19.3: Kor ofte et du vanlegvis grønsaker (inkludert salat)?

- Sjeldan/aldri
- 1-3 gonger per måned
- 1-3 gonger per veke
- 4-6 gonger per veke
- Dagleg

Spørsmål 19.4: Kor ofte et du vanlegvis fisk (som pålegg eller middag)?

- Sjeldan/aldri
- 1-3 gonger per måned
- 1-3 gonger per veke
- 4-6 gonger per veke
- Dagleg

Tobakk

Spørsmål 20.1: Kor ofte røyker du? Rekn med både filtersigaretter og rulletobakk.

- Dagleg
- Av og til
- Ikkje no, men tidlegare dagleg
- Ikkje no, men tidlegare av og til
- Har aldri røykt

Spørsmål 20.2: Kor ofte brukar du snus?

- Dagleg
- Av og til
- Ikkje no, men tidlegare dagleg
- Ikkje no, men tidlegare av og til
- Har aldri brukt snus

Alkohol

Så går vi over til spørsmål om alkohol. Vi tenkjer her på alle alkoholholdige drikker, som øl, vin, brennevin, rusbrus osv

Spørsmål 21: Har du nokon gong drukke alkohol?

- Ja
- Nei

FILTER: Spørsmålene 21a, 21b og 21c stilles kun til deltakere som har svart «Ja» på spørsmål 21.

Spørsmål 21a: I løpet av dei siste 12 månedene, kor ofte har du drukke alkohol?

- Aldri
- Ein gong i månaden eller sjeldnare

- 2-4 gonger i månaden
- 2-3 gonger i veka
- 4 gonger i veka eller meir

FILTER: Spørsmålene 21b og 21c stilles kun til deltakere som IKKJE har svart «Aldri» på spørsmål 21.

Éi alkoholeining tilsvavar éi lita flaske øl, ein liten boks øl, eitt glass vin eller éin drink:

Spørsmål 21b: Kor mange alkoholeiningar tek du på ein "typisk" dag når du drikk alkohol?

- 1-2
- 3-4
- 5-6
- 7-9
- 10 eller fleire

Éi alkoholeining tilsvavar éi lita flaske øl, ein liten boks øl, eitt glass vin eller éin drink:

Spørsmål 21c: Kor ofte drikk du seks alkoholeiningar eller meir ved éin og same anledning?

- Aldri
- Sjeldnare enn ein gong i månaden
- Kvar månad
- Kvar veke
- Dagleg eller nesten dagleg

Skadar

Det følgjande spørsmålet gjeld nye skadar i ~~denne~~-perioden, og ikkje behandling av gamle skadar. 'Oppsøkt lege' inkluderer både fastlege, legevakt og kontakt med spesialisthelsetjenesta.

Spørsmål 22: Har du i løpet av dei 12 siste månadane vore utsett for ein eller fleire skadar som førte til at du oppsøkte lege eller tannlege?

- Ja, ein
- Ja, fleire
- Nei

FILTER: Spørsmålene 22a stilles kun til deltakere som har svart «Ja, en» eller «Ja, flere» på spørsmål 22.

Spørsmål 22a: Var skaden eit resultat av ei... (sett eitt eller fleire kryss)

- Trafikkulykke
- Arbeidsulykke
- Ulykke på skule eller i utdanning
- Heimeulykke
- Fritidsulykke (utanfor organisert aktivitet).
- Ulykke i samband med organisert sport- og idrett
- Valdshandling
- Anna

Støy

Spørsmål 23.1: Dersom du tenkjer på dei siste 12 månadene, kor plaga er du av støy frå vegtrafikk når du er heime?

- Ikkje plaga
 Litt plaga
 Middels plaga
 Mykje plaga
 Svært mykje plaga

Spørsmål 23.2 Dersom du tenkjer på dei siste 12 månadene, kor plaga er du av støy frå andre kjelder når du er heime?

- Ikkje plaga
 Litt plaga
 Middels plaga
 Mykje plaga
 Svært mykje plaga

FILTER: Spørsmålene 24.3 stilles kun til deltakere som har svart «Yrkesaktiv heltid», «Yrkesaktiv deltid» eller «Student/militærtjeneste» på spørsmål 2.

Spørsmål 23.3: Dersom du tenkjer på dei siste 12 månadene, kor plaga er du av støy på arbeid eller skule?

- Ikkje plaga
 Litt plaga
 Middels plaga
 Mykje plaga
 Svært mykje plaga

Kroppshøgde og vekt

Spesifikasjonsmerknad: For spørsmål 24 og 25 tillates det kun **HELTALL**. For spørsmål 24 er tillatte verdier 50 – 250, for spørsmål 25 er tillatte verdier 25 – 500.

Spørsmål 24: Kor høg er du utan sko (i cm)?

_____ cm

Spørsmål 25: Kor mykje veg du utan klede og sko (i kg)?

(Dersom gravid, oppgje vekt før graviditeten)

_____ kg

Sambuarstatus

Spørsmål 26: Er du gift/sambuar eller einsleg? Gift/ sambuar

Einsleg

Talet på personar i hushaldet

(PÅ SPM 27 og 27a BØR DET BRUKES RULLEGARDIN SLIK AT DE SOM SKAL SVARE TYDELIG SER AT DE KAN VELGE ALTERNATIVET NULL. KATEGORIENE KUNNE VÆRE NOE SLIKT SOM 0, 1, 2, 3, 4, 5, 6-10, 11 ELLER FLERE)

Spørsmål 27: Kor mange personar bur du saman med (Rekn berre med personar som du har felles hushald med og ikkje rekn med deg sjølv)?

FILTER: Spørsmålene 27a stilles kun til deltakere som gitt opp ett tall >0 på spørsmål 27.

Spørsmål 27a: Kor mange av desse har enno ikkje fylt 18 år?

Økonomi

Spørsmål 28: Kan du (hushaldet) klare ei uforutsett utgift på 10 000 kr i løpet av ein måned, utan å måtte ta opp ekstra lån, bruke kreditt eller få hjelp frå andre?

- Ja
 Nei

Spørsmål 29: Korleis opplever du at den økonomiske situasjonen din er, samanlikna med andre i Noreg?

- Har alltid hatt god råd
 Har stort sett alltid hatt god råd
 Har vanlegvis verken hatt god eller dårleg råd
 Har alltid eller nesten alltid hatt dårleg råd

Reisevanar til og frå jobb/skule

FILTER: Spørsmålene 30.1 og 30.2 stilles kun til deltakere som har svart «Yrkesaktiv heitid», «Yrkesaktiv deltid», «Sykmeldt» eller «Student/militærtjeneste» på spørsmål 2.

Spesifikasjonsmerknad: For spørsmål 30.1 tillates det kun **HELTALL**. For spørsmål 30.1 er tillate verdier 0 – 999.

Spørsmål 30.1: Kor langt er det frå heimstaden til arbeidsplassen, skulen eller studiestaden (oppgje i km)?

Spørsmål 30.2: Korleis reiser du vanlegvis mellom heimen og arbeidet/skulen? (fleire svar er mogleg dersom du normalt kombinerer fleire reisemåtar til/frå)

- Går til fots
 Sykkel/elsykkel
 Privat motorkjøretøy (bil/motorsykkel)
 Kollektivtransport

Bustad

Spørsmål 31.1: Kva slag bustad bur du i?

- Einebustad/villa
- Gardsbruk
- Blokk/leilegheit
- Rekkehus/2-4-mannsbustad
- Omsorgsbustad
- Institusjon (sjukeheim eller liknande)
- Annan type bustad

Spørsmål 31.2: Kor nøgd eller misnøgd er du med bustaden din?

- Svært nøgd
- Nøgd
- Misnøgd
- Svært misnøgd

Bustadområde

Spørsmål 32: Bur du i...?

- Ein stor by?
- Ein forstad til, eller i utkanten av ein stor by?
- Ein mindre by?
- Ein tettstad?
- Område med spreidd busetting?

Jobbsituasjon

FILTER: Spørsmålene 33.1, 33.2, 33.3 og 33.4 stilles kun til deltakere som har svart «Yrkesaktiv heltid», «Yrkesaktiv deltid», eller «Sykmeldt» på spørsmål 2.

Kor einig eller ueinig er du i desse påstandane:

Spørsmål 33.1: Eg har eit godt fysisk arbeidsmiljø;

- Heilt einig
- Einig
- Verken eller
- Ueinig
- Heilt ueinig
- Veit ikkje

Spørsmål 33.2: Eg har vanlegvis ein god balanse mellom arbeidsliv og privatliv;

- Helt einig
- Einig
- Verken eller
- Ueinig
- Helt ueinig
- Veit ikkje

Spørsmål 33.3: Arbeidet mitt er sjeldan så belastande at det går ut over helsa mi

- Helt einig
- Einig
- Verken eller
- Ueinig
- Helt ueinig
- Veit ikkje

Spørsmål 33.4: Eg er alt i alt nøgd med jobben min

- Helt einig
- Einig
- Verken eller
- Ueinig
- Helt ueinig
- Veit ikkje

Fornøgd med livet**Spørsmål 34: Alt i alt, - når du tenkjer på korleis du har det for tida, er du stort sett nøgd med tilveret eller er du stort sett misnøgd?**

- Svært nøgd
- Ganske nøgd
- Både /- og
- Nokså misnøgd
- Svært misnøgd

Har du nokon kommentarar?



Notat

Dato: 20.02.2018
Arkivsak: 2018/7812-1
Saksbehandlar: stiaas9

Til:	Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet Fylkestinget
Frå:	Fylkesrådmannen

Årsrapport vaksenopplæring 2017

Ved inngangen til 2017 stod om lag 40.000 hordalendingar mellom 20 og 49 år utan fullført vidaregåande opplæring, fagbrev, yrkeskompetanse eller studiekompetanse. Dette utgjer 18 % av befolkninga i denne alderen. Talet ber bod om eit stort behov for kursplassar for vaksne. Vidaregåande opplæring for vaksne tilfører naudsynt fagkompetanse til dei ulike regionane i fylket. Tilbodet gjev den einskilde vaksne høve til å fullføre vidaregåande utdanning og stå betre i arbeidsmarknaden.

I 2017 var det 1150 nye kursplassar, fordelt på 2 inntak. I 2017 fekk vaksne opplæring i 7 yrkesfaglege utdanningsprogram, fordelt på 22 yrkesfag, i tillegg til studiekompetansefaga.

Årsrapporten er publisert i digitalt format for at innhaldet i rapporten betre skal kunne delast på nett og via sosiale medium.

<http://www.hordaland.no/vo-arsrapport>

PS 28/18 Ymse



Arkivnr: 2018/7439-1
Saksbehandlar: Marit Virkesdal

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	14/18	05.03.2018
Utval for opplæring og helse	29/18	13.03.2018

Disponering av investeringsmidlar opplæringssektoren 2018 – etablering av søkbar pott læremidlar (utstyr) yrkesfag.**Samandrag**

I denne saka vert fordelinga av investeringsmidlar til ulike område i opplæringssektoren lagt fram. Til saman er det 33 millionar kroner i investeringsmidlar som vert fordelt; 3 millionar som i budsjett 2018 er omtala som «Oppfølging skulebruksplan - tiltak» og 30 millionar som er omtala som «Større undervisningsutstyr», i tillegg til løyvinga på 4 millionar kroner til «Læremidlar yrkesfag - søkbar pott» som førebels ligg i driftsbudsjettet. Tabellen syner forslag til fordeling:

Kategori	Sum
Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill kr
Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill kr
Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland	2,0 mill kr
IT og telefoni	12,1 mill kr
Utstyrsmidlar yrkesfag	4,0 mill kr
Totalt	37,0 mill kr

Økonomi: Fordeling av 37 mill kr til oppfølging av skulebruksplan, større undervisningsutstyr og læremidlar yrkesfag.

Klima: Ingen kjend effekt

Folkehelse: Ingen kjend effekt

Regional planstrategi: Ingen kjend samanheng

Forslag til vedtak

Omtalte budsjettmidlar for 2018 vert fordelt slik:

1. Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill kr
3. Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland	2,0 mill kr
4. IT og telefoni	12,1 mill kr
5. <u>Utstyrsmidlar yrkesfag</u>	<u>4,0 mill kr</u>
<u>Totalt</u>	<u>37,0 mill kr</u>

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.03.2018

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Omtalte budsjettmidlar for 2018 vert fordelt slik:

1. Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill kr
3. Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland	2,0 mill kr
4. IT og telefoni	12,1 mill kr
5. <u>Utstyrsmidlar yrkesfag</u>	<u>4,0 mill kr</u>
<u>Totalt</u>	<u>37,0 mill kr</u>

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.02.2018

I denne saka vert fordelinga av investeringsmidlar til ulike område i opplæringssektoren lagt fram. Til saman er det 33 millionar kroner i investeringsmidlar som vert fordelt; 3 millionar som i budsjett 2018 er omtala som «Oppfølging skulebruksplan - tiltak» og 30 millionar som er omtala som «Større undervisningsutstyr». Dessutan ekstraløyvinga på 4 millionar kroner til «Læreemidlar yrkesfag - søkbar pott» som førebels ligg i driftsbudsjettet.

Dei siste åra har prosedyren vore at dei vidaregåande skulane og fagskulane som har trong for utstyr, søker opplæringsavdelinga om investeringsmidlar. Avdelinga vil i 2018 gå gjennom og vurdere mottekne søknader to gonger (i april og september). Det meste av midlane vil bli delt ut i april, då det tek tid å gjennomføre innkjøpsprosessane. Søknadene vert vurdert mot generelt behov, krav i læreplanar og strukturelle endringar, til dømes nye utdanningstilbod.

Frå 2012 vart utstyrspotten i driftsbudsjettet som fylkesdirektør opplæring disponerte, kraftig redusert. Ein er difor no avhengig av å bruke investeringsmidlar for å kunne tildele midlar til dei utstyrsføremåla som skulane har behov for.

Skulane melder om etterslep og behov for investeringar i diverse utstyr. Typiske føremål for utstyrsinvesteringar dei siste åra har vore kjøp av maskiner og utstyr til ulike utdanningsprogram, diverse IT og telefoni, kjøp av transportmiddel og dessutan møblar og inventar. 2.april 2018 er første frist for skulane til å søkje om investerings-/utstyrsmidlar. I 2017 blei det søkt om i underkant av 93 millionar kroner, medan det berre var i overkant av 39 millionar til disposisjon. Ein forventar at innmeldt behov i 2018 vil liggje på nokolunde same nivå som i 2017.

Oppfølging skulebruksplan - tiltak – 3 millionar kroner

Skulebruksplanen har plan for framdrifta av investeringane i opplæringssektoren, og i budsjett 2018 er det løyvd 3 millionar til planlegging og koordinering av dette arbeidet. Eigeomsavdelinga vil i hovudsak disponere desse midlane til tidleg planlegging av nye prosjekt i tråd med plan for framdrift og investering i skulebruksplanen. Eventuelle utgifter opplæringsavdelinga vil ha til planlegging og analyse i samband med skulebruksplanen, vil i samråd med eigeomsavdelinga også bli dekkja av desse midlane.

Utstyrsmidlar til dei vidaregåande skulane, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule – 15,9 millionar kroner

Utstyr og inventar vidaregåande skular

Av totalt innmeldt behov til opplæringsavdelinga på i underkant av 93 millionar kroner i 2017, kom søknader tilsvarende 85,2 millionar kroner frå dei vidaregåande skulane. Ein forventar at det også i 2018 vil kome søknader på langt høgare beløp enn budsjettet. Fylkesdirektør opplæring vil difor i april og september prioritere mellom dei ulike skulane etter behov.

Utstyr til nye og/eller rehabiliterte skular

Odda vidaregåande skule er under rehabilitering, og prosjektet er planlagt ferdigstilt i 2018. I denne samanheng har skulen behov for ein del nytt utstyr og nye maskiner. Mykje av det eksisterande utstyret er gammalt, og sett i samband med tryggleikskrav og læreplanmål er det naudsynt å gjere ein del investeringar i maskiner og utstyr i 2018. Overslag over kostnader er 1,875 millionar kroner inkludert mva.

Arna vidaregåande skule er under rehabilitering og har i samband med dette behov for noko nytt utstyr og inventar i 2018, utover det som er budsjettet i prosjektet. Dette gjeld særleg realfagsutstyr. Overslag over kostnader er 1,42 millionar kroner inkludert mva.

Tertnes vidaregåande skole er under utviding. Etter gjennomgang på Tertnes og U.Pihl viser det seg at begge skulane har mykje gammalt realfagsutstyr, inkludert dataloggingsutstyr, som det er tenleg å skifte ut. Overslag over kostnader er 2,25 millionar kroner inkludert mva.

Sandsli videregående skole er skulen med flest elevar på restaurant- og matfag i Hordaland fylkeskommune. Kjøkkenet ved skulen er under ombygging. I den samanheng melder skulen om behov for noko nytt utstyr til dette utdanningsprogrammet. Overslag over kostnader er 1,6 millionar kroner inkludert mva.

Fylkesrådmannen ser det som tenleg å prioritere desse prosjekta i 2018. Eksakte beløp må ein kome attende til når sektoren sitt totale behov er klart.

Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland – 2 millionar kroner

Av investeringsbudsjettet til opplæringsavdelinga knytt til utstyr på 35 millionar blei det i 2015 tildelt 7 millionar til fagskulane. Dette utgjorde 20 % av budsjettet. I 2016 fekk fagskulane tildelt 5 millionar kroner av opplæringsavdelinga sine 37 millionar knytt til investeringar. Dette utgjorde 13,5 % av budsjettet. I 2017 fekk fagskulen tildelt 1,52 millionar. Dette utgjorde 3,9% av opplæringssektoren sitt budsjett knytt til større undervisningsutstyr. I 2017 fekk Fagskolen i Hordaland i tillegg tildelt 7,87 millionar i utstyrsmidlar frå Kunnskapsdepartementet. Desse midlane gjekk til to ulike prosjekt; «Økt kvalitet i undervisning med digital satsing» og «Testsimulator elkraft».

Fagskolen i Hordaland melder om behov for ytterlegare investeringar dei næraste åra på totalt 7 millionar for å oppgradere boresimulator og laboratorium, samt kjøpe CNC-maskin og industrirobot. I statsbudsjettet for 2018 er det løyvd 35,9 millionar kroner til utviklingsmidlar til fagskuleutdanninga, men det vil ikkje vere klart før nærmare sommaren om Fagskolen i Hordaland vil få tildeling i 2018 også. Ved eventuell tildeling er det truleg krav om ein viss del eigenfinansiering. I 2018 vert det foreslått å tildele 2 millionar kroner til fagskulen. Dette er i tråd med kostnadsoverslaget frå skulen knytt til å oppgradere kjemi-/prosess-laboratorium.

IT og telefoni – 12,1 millionar kroner

I samarbeid med IT-seksjonen er det planar for investeringar i infrastruktur på skulane.

Switchar

Det er behov for å oppgradere «switchar» ute på skulane for å få bukt med flaskehalsproblematikken vi har på sambandet mellom skulane og HFK sentralt. Kapasitetsproblema skuldast auka bruk av «skytenester», og denne investeringa i «switchar» vil vere ei førebuing til å kunne ta i bruk IP-telefoni ute på skulane. Det vart investert 2 millionar i «switchar» i 2016, 2 millionar i 2017, og i 2018 og 2019 vil ein ha behov for ytterlegare 1,5 og 1 millionar kroner til same føremål.

Aksesspunkt

For å sikre godt nettsamband ute på skulane er det behov for å investere i nye aksesspunkt. Nettaksesspunktta ute på skulane har ei levetid på fem år. Dei eksisterande aksesspunktta er på veg ut av marknaden og kan ikkje erstattast, men det vil vere support-tenester fram til 2020. Dette betyr at alle punkt må skiftast ut dei neste åra. Tidlegare utrekna totalkostnad på 10 millionar kroner viser seg no å vere for låg. I 2017 vart om lag 500 aksesspunkt skifta ut. Dette hadde ein totalkostnad på omlag 3 millionar. Ytterlegare 1700 aksesspunkt må skiftast ut. Dette vil koste om lag 10 millionar kroner. IT-seksjonen ynskjer å gjere denne utskiftinga over ein så kort tidsperiode som mogleg, men dei økonomiske rammene gjer at fylkesrådmannen rår til at ein budsjetterer med 5 millionar kroner til dette formålet i 2018 og 5 millionar i 2019.

Telefoni

I 2016 og 2017 vart det løyvd høvesvis 1 million kroner og 0,5 million til kjøp av IP-telefonar. Det er behov for ytterlegare investeringar knytt til telefoni på skulane. IT-seksjonen og opplæringsavdelinga vil i samarbeid sjå på kva løysing som er mest tenleg for blant anna å ivareta funksjonar knytt til autentisering av brukarar til aktuelle datasystem. Estimert kostnad er 0,5 million kroner i 2018.

Utskifting av lærar-PC-ar

Kvart år er det behov for å skifte ut ein del av PC-ane til lærarane. I 2018 er planen å skifte ut om lag 750 PC-ar til ein gjennomsnittskostnad på kr 6800 inkludert mva. Totalkostnad vil vere om lag 5,1 millionar kroner.

Utstyrsmidlar til vidaregåande skular med yrkesfaglege studieretningar – 4 millionar kroner

I budsjett 2018 vart det vedteke å løyve 4 millionar kroner til læremidlar til skular med yrkesfaglege studieretningar, og at dette skal vere ei søkbar ordning for skulane.

Det er sendt ut informasjon til skulane om søknadsfristar knytt til investeringsmidlar, der det er presisert at dei må spesifisere i søknaden kva utdanningsprogram dei søker om investeringsmidlar til. Desse midlane vil så verte fordelt på skular med yrkesfaglege studieretningar ut frå behov.

Oppsummering:

Fylkesrådmannen rår til at midlane til investeringar i utstyr til opplæringssektoren vert fordelt slik:

Kategori	Sum
Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill. kr
Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill. kr
Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland	2,0 mill. kr
IT og telefoni	12,1 mill. kr
Utstyrsmidlar yrkesfag	4,0 mill. kr
Totalt	37,0 mill kr

Summer av Søknadsbeløp inkl moms	
Kategori	Totalt
Planmidler SBP	3 000 000
IT/telefoni	14 850 000
Fagskolen	14 800 000
Folkehøgskole	565 000
VGS studieforbredende og yrkesfaglige utdanningsprogram	11 062 500
VGS Yrkesfaglige utdanningsprogram	49 873 958
VGS Studieforbredende utd.program	15 130 466
Totalsum	109 281 924

Innmeldte overordnede investeringsbehov pr 05.03.18

Opplæring

NB! Søknadsfrist er først i april, så dette er foreløpige tall.

25%

Skolenavn	Søknadsbeløp inkl moms	Søker om
Opplæringsavd	kr 3 000 000	Planmidler SBP
Opplæringsavd	kr 1 500 000	Switcher til skoler
Opplæringsavd	kr 6 500 000	Aksesspunkt
Opplæringsavd	kr 500 000	IP-telefonar
Opplæringsavd	kr 5 100 000	Utskifting av lærer-Pcer
Opplæringsavd	kr 1 250 000	Utlånsmaskiner til alle skoler
Kvam vgs	kr 462 500	Ombygging fysikkrom
Tertnes	kr 437 500	Utstyr kjemi
Tertnes	kr 125 000	Datalogging kjemi
Tertnes	kr 312 500	Utstyr fysikk
Tertnes	kr 375 000	Datalogging fysikk
Tertnes	kr 625 000	Utstyr Biologi/naturfag
Tertnes	kr 375 000	Datalogging Biologi/naturfag
Tertnes vgs	kr 875 000	AVI-utstyr x 7 klasserom
Langhaugen	kr 443 750	IKT-utstyr: Smartboard, prosjektorx5, skjerm rektors kontor, projektor aula
Langhaugen	kr 183 500	Kostyme, kasser, gardiner og gelender til amfi
Langhaugen	kr 134 375	Overta brukt orgel (37,5K), nye paukar (70K)
BKS	kr 2 625 000	Digitale tavler x12
BKS	kr 1 000 000	Switch og oppgradering strøm
BKS	kr 1 047 500	Klasserommøbler og arbeidsmøbler lærer
BKS	kr 625 000	Supplering inventar
BKS	kr 750 000	Kantinemøbler
BKS	kr 250 000	Aktivitetsutstyr/elevvelferd
BKS	kr 187 500	Oppgradering gymsal
BKS	kr 406 250	Oppgradering auditorium
BKS	kr 250 000	Foldevegg gymsal VO
BKS	kr 250 000	Teleskoptribune gymsal VO

BKS	kr 150 000	Sykkestativ/utebenker
Osterøy	kr 283 750	Truck
Osterøy	kr 448 250	2xdreiebenk
Osterøy	kr 250 000	Manuell fres
Osterøy	kr 250 000	Plateknekke (brukt)
Osterøy	kr 312 500	Brennebord
Osterøy	kr 1 250 000	CNC-styrt fres
Osterøy	kr 20 000	8xFrekvensomformere
Osterøy	kr 120 000	8xSikringsskap
Osterøy	kr 40 000	8xKomplett svaktstrømskap
Osterøy	kr 24 000	24xdownlight belysning
Osterøy	kr 9 000	8xstyresystem lys og varme
Osterøy	kr 20 000	4xmåleapparat for sluttkontroll
Sandsli	kr 45 000	Vakuumpakkemaksin
Sandsli	kr 28 750	Rustfri bar på hjul
Sandsli	kr 54 375	Espressomaskin
Sandsli	kr 11 250	Kvern til Espressomaskin
Sandsli	kr 50 000	Kjøledisk for anretning
Sandsli	kr 720 000	6 stk kjølte arbeidsbeneker
Sandsli	kr 315 000	6 stk kokebord m/rund palte
Sandsli	kr 45 000	Industri vaskemaskin
Sandsli	kr 35 000	Industri tørketrommel
Sandsli	kr 275 000	100 Lærer-/elevskap
Odda	kr 375 000	Treningsutstyr til nytt styrkerom
Odda	kr 150 000	Oppgradering elevkantine
Odda	kr 484 000	Plasmaskjærebord
Odda	kr 337 989	3D-printer
Rubbestadnes vgs	kr 250 000	utstyr automasjon
Rubbestadnes vgs	kr 437 500	Utstyr automasjon inkl tilleggsutstyr robot
Rubbestadnes vgs	kr 437 500	Mekanisk utstyr
Knarvik	kr 312 500	Utstyr HO
Knarvik	kr 137 500	Kjøkkenfornyng
Knarvik	kr 125 000	Utstyr til teknologi og forskningslære - nytt fag
Knarvik	kr 2 750 000	Samme ønsker som tidligere
Knarvik	kr 1 650 000	2x 9-setere biler/minibusser
Knarvik	kr 687 500	Elevkantine møbler (Stølen 400K, Myra 150K)
Knarvik	kr 437 500	Møbler personalrom
Knarvik	kr 312 500	Pulter, kateter, tavler, tatt en del selv i 2017
Knarvik	kr 281 250	7 ekstra ladepunkt for El-bil
Arna	kr 1 423 750	Realfagsutstyr
Arna	kr 100 313	Bygg-og anlegg
Arna	kr 422 500	Minibuss
Åsane vgs	kr 338 750	Div. utstyr HO
Åsane vgs	kr 1 322 275	Div utstyr TP
Åsane vgs	kr 168 750	For sen faktura 2017
Åsane vgs	kr 375 000	EL -bil; skole-vo-fengsel

Årstad	kr 187 500	Oppstart vg3 - innredning
Årstad	kr 375 000	To nye klasserom i B-bygg - innredning
Årstad	kr 537 500	Oppgradering av rom A630. Skal benyttes om flerbruksrom- behov for innredning etc.
Årstad	kr 200 000	Oppgradering/utskifting av slitt utstyr styrketreningsrom
Årstad	kr 412 500	Opplæringspakke på El-bil
Årstad	kr 375 000	3D-printer
Årstad	kr 175 000	Opplæring innenfor solcellemodeller
Årstad	kr 200 000	Knappehullsmaskin tekstillinje
Austrheim vgs	kr 650 000	Nye sveisebåser og sentralgass anlegg
Austrheim vgs	kr 181 250	Nye stoler og bord i klasserom
Askøy	kr 250 000	3D printer
Askøy	kr 250 000	2xseng med rotering
Askøy	kr 250 000	Fres for mønsterkort
Askøy	kr 125 000	Fiberskjøtemaskin
Askøy	kr 275 000	Tykkelsehøvel
Fusa vgs	kr 128 125	Utstyr HO
Fusa vgs	kr 129 663	Rational selfcooking center inkl stativ
Fusa vgs	kr 81 250	Utstyr KDA
Fusa vgs	kr 1 500 000	Naturfagsrom
Sotra	kr 1 626 858	
Sotra	kr 250 000	
Sotra	kr 3 837 500	
Sotra	kr 1 049 094	Vg2 Kjøretøy
Sotra	kr 2 250 000	Automasjon
Sotra	kr 1 437 500	Elenergi
Sotra	kr 687 500	Data og elektronikk
Os vgs	kr 162 500	Div utstyr BA
Os vgs	kr 975 000	Ny 9-seter og tektylbehandlingx2
Os vgs	kr 1 875 000	Gravemaskin +-15 tonn
Os vgs	kr 1 250 000	Gravemasking +-8 tonn x2
Os vgs	kr 281 250	Oppsynsbrakker x3
Os vgs	kr 250 000	Maskinstyring x1
Os vgs	kr 437 500	Dreiebenk
Os vgs	kr 25 000	Installasjon strøm nye maskiner
Os vgs	kr 2 246 875	Pneumatikk sett for undervisning 4 elever
Os vgs	kr 375 000	Fres
Os vgs	kr 250 000	Arbeidsmaskin nye verksteder
Os vgs	kr 308 750	Slepvoan x3, Semitrailer, Krokliftflak, Kran m/konsoll
Os vgs	kr 2 597 500	Ny kranbil ift ny læreplan
Os vgs	kr 625 000	EL-truck som løfter 4000kg
Os vgs	kr 250 000	Oscilloskop klassesett

Os vgs	kr 441 250	Div. utstyr HO
Fyllingsdalen	kr 375 000	Utstyr til styrkerom
Fyllingsdalen	kr 250 000	100xpulter og stoler
Fyllingsdalen	kr 200 000	Monitorer, Whiteboardx2 og 2 klasesett Vr-briller
Austevoll	kr 422 500	Minibuss
Austevoll	kr 218 750	Truck
Austevoll	kr 562 500	Pnaumatikkanlegg
Fitjar	kr 135 000	Keramisk kokebordx3
Fitjar	kr 26 875	El.frityr m/dør
Fitjar	kr 45 000	Gass koketopp*2
Fitjar	kr 51 250	Hettemaskin
Fitjar	kr 13 125	Montering av storkjøkken
Bergen maritime vgs	kr 162 500	Utstyr for å ha riktig utstyr ift hva som finnes i arbeidslivet
Bergen maritime	kr 468 750	Elevstasjoner x 15
Bergen maritime	kr 1 250 000	Skolebåt
Stend	kr 312 500	Minilaster anleggsgag
Stend	kr 162 500	AV-utstyr klasserom
Stend	kr 168 750	Ny prosjektor til gymsal m/ekstra utstyr
Nordahl Grieg	kr 275 000	E-up
Nordahl Grieg	kr 656 250	Møbler fellesområder
Nordahl Grieg	kr 187 500	Sykkelgarderobe ansatte
Nordahl Grieg	kr 287 500	Ombygging av kjøkken
Stord	kr 437 500	EL-bil
Stord	kr 150 000	Macbook air til undervisning i mattex12
Stord	kr 187 500	Windows tablet x25 til undervisning språk og realfag
Stord	kr 248 750	Crossfitrom/tredemøller
Stord	kr 625 000	Minibuss til reise
Stord	kr 500 000	Truck
Stord	kr 1 425 000	Dreiebenker, ødelagte x4 i år og to nye neste år
Stord	kr 562 500	Flygel
Stord	kr 200 734	Fleirkamerasystem
Voss vgs	kr 128 750	Smart-Home styring fra Eaton (pri 1)
Voss vgs	kr 125 000	3D-printerx2 (pri 2)
Voss vgs	kr 250 000	Heetweed ugrasbekjemper (pri 3) NA- AI
Voss vgs	kr 500 000	Inreiing grisehus, overgang til FTS (pri 4) NA-LA
Voss vgs	kr 142 500	Bakeavdeling (pri 5)
Voss vgs	kr 125 000	Brakke til byggeplass m/do (pri 6)
Voss vgs	kr 187 500	Tak til "horsework" (pri 7) NA-HE
Voss vgs	kr 1 000 000	Skogstraktor (pri 8) NA-HE
Voss vgs	kr 125 000	Autobygg komplett (pri 9)

Voss vgs	kr 137 500	Kajakker (hav- og elv) (pri 10) NA-VM
Voss vgs	kr 875 000	Drivhus (pri 11) NA-FF
Voss vgs	kr 312 500	EL-bil demoversjon (pri 12)
Voss vgs	kr 127 500	Heise-transport utstyr (pri 13)
Voss vgs	kr 456 250	EL-driven minilaster (fossilfri) til skulegard (pri 14)
Voss vgs	kr 187 500	Modellar til køyretøyopplæring (pri 15)
Voss vgs	kr 468 750	Minibuss (pri 16)
Voss vgs	kr 137 500	Infotavler generelt (pri 17)
Voss vgs	kr 156 250	Undervisningsmodellar EL
Voss Gymnas	kr 470 000	Minibuss Ford Transit
Manger fhs	kr 137 500	Trådløst mikrofonsystem
Manger fhs	kr 125 000	Barefoot studiomonitorer m/stativ
Manger fhs	kr 162 500	Lys og effekt-utstyr til scene
Manger fhs	kr 140 000	4xtredemøller til treningsrom
Fagskolen	kr 1 000 000	Oppgradering av boresimulator
Fagskolen	kr 2 000 000	Oppgradering av kjemi/prosess laboratorium
Fagskolen	kr 2 000 000	Oppstart av nye utdanninger - Lokal matkultur
Fagskolen	kr 4 000 000	CNC-maskin og industrirobot
Fagskolen	kr 5 800 000	Egenandeler KD-prosjekt 2017
Totalt	kr 109 281 924	



Arkivnr: 2017/17798-1
Saksbehandlar: Monica Håkonsli

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	5/18	30.01.2018
Utval for opplæring og helse	15/18	06.02.2018
Administrasjonsutvalet	10/18	13.02.2018
Utval for opplæring og helse	30/18	13.03.2018

Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, tiltak 2018/19.**Samandrag**

Plan for kompetanseutvikling viser strategiar og tiltak som skal medverke til langsiktig og planmessig utvikling av kompetanse for undervisningspersonale, skuleleirarar, andre tilsette og aktørar innan fag- og yrkesopplæringa. Strategiperioden går frå 2016 til 2020, og planen vert rullert årleg.

Økonomi: Tiltaka i denne rulleringa tek utgangspunkt i strategien og tildelt økonomi som ligg for perioden. Nokre av tiltaka i planen er heilt eller delvis finansiert av statlege midlar. I 2018/19 er det lagt inn aktivitet til vidareutdanning gjennom den statlege strategien Yrkesfaglærarløftet, noko som fører til at midlane til vidareutdanning er høgare enn tidlegare år.

Klima: Ingen målbar effekt

Folkehelse: Ingen målbar effekt

Regional planstrategi: Kompetanseutvikling av lærarar, andre tilsette i skulen samt aktørane i fag - og yrkesopplæringa.

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse sluttar seg til fylkesrådmannen sine prioriteringar i rullert Plan for kompetanseutvikling 2016-2020, rullering 2018/19. Fordelinga på tiltak vert slik:

Skulebasert kompetanseutvikling/læringsprosjekt 1 200 000

Etterutdanning

Fagnettverk	5 000 000
Andre nettverk	1 500 000
Anna etterutdanning	
Lærarar	1 900 000
Skuleleiing	950 000
Faglege leiarar/instruktørar og prøvenemnda	2 080 000
Miljøarbeidarar	100 000

Vidareutdanning

Lærarar, rådgjevarar, rektorutdanning, miljøarbeidarar 24 375 000

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.01.2018

Roger Pilskog sette fram slikt forslag på vegne av LO:

Yrkesopplæringsnemnda etterlyser hvorvidt de faglige nettverkene har lærebedrift- og arbeidstaker representasjon.

Røysting:

Pilskog sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til innstillinga med følgjande tillegg:

Yrkesopplæringsnemnda etterlyser hvorvidt de faglige nettverkene har lærebedrift- og arbeidstaker representasjon.

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 06.02.2018

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til neste møte i utval for opplæring og helse. Utvalget ber om at saka vert handsama i førstkomande møte i administrasjonsutvalet den 13.02.2018.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte i utval for opplæring og helse. Utvalget ber om at saka vert handsama i førstkomande møte i administrasjonsutvalet den 13.02.2018.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 13.02.2018

Følgjande hadde ordet under ordskiftet:

Kvamme A og Fylkesdirektør Opplæringsavdelinga Heggheim.

Innstilling til utval for opplæring og helse

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.12.2017

Plan for kompetanseutvikling viser strategiar og tiltak som skal medverke til langsiktig og planmessig utvikling av kompetanse for undervisningspersonale, skuleleirarar, andre tilsette og aktørar innan fag- og yrkesopplæringa. Strategiperioden går frå 2016 til 2020, og planen vert rullert årleg.

Tiltaka i denne rulleringa tek utgangspunkt i strategien og tildelt økonomi som ligg for perioden. Nokre av tiltaka i planen er heilt eller delvis finansiert av statlege midlar. I 2018/19 er det lagt inn aktivitet til vidareutdanning gjennom den statlege strategien Yrkesfaglærarløftet, noko som fører til at midlane til vidareutdanning er høgare enn tidlegare år.

Plan for kompetanseutvikling Strategi 2016-2020

Tiltak 2018/19



Innhold

Kapittel 1 Strategi 2016 - 2020	3
1. Innleiing	3
1.1 Kort om planen.....	3
2. Nasjonale og lokale føringar	4
2.1 Nasjonale føringar	4
2.2 Lokale føringar	4
3. Strategi for kompetanseutvikling.....	5
3.1 Kompetanseplanlegging- og kartlegging.	5
3.2 Skulebasert kompetanseutvikling	5
3.3 Etterutdanning	5
3.4 Vidareutdanning.....	6
4. Kompetanseutviklingsområder	6
4.1 Pedagogiske kompetanseutviklingsområder	6
4.2 Faglig-pedagogisk kompetanse.....	7
4.3 Leiing	8
4.4 Samarbeid skule/bedrift	8
4.5 Oppfølging av nytilsette	8
4.6 Interkulturell kompetanse.....	8
4.7 Rådgiving	9
4.8 Spesialpedagogisk kompetanse	9
4.9 Skulebibliotekenesta	9
Kapittel 2 Oversikt over prioriterte tiltak i 2018/19	10
5. Tiltak	10
5.1 Skulebasert kompetanseutvikling	10
5.2 Etterutdanning	10
5.3 Vidareutdanning.....	11
6. Finansiering 2018/19	11

Plan for kompetanseutvikling

Kapittel 1 Strategi 2016 - 2020

1. Innleiing

Den strategiske planen for kompetanseutvikling er opplæringsavdelinga sitt styringsdokument for arbeidet med kompetanseutviklinga i vidaregåande opplæring i åra som kjem. Strategisk plan blir utarbeidd for ein periode på fire år. Planen skal rullerast kvart år og det skal utarbeidast årlege tiltaksplanar og budsjett som viser prioriteringar i lys av føringar i den overordna strategien og økonomiske rammer.

Opplæringslova seier at kommunar og fylkeskommunar, som skuleeigar, har ansvar for å ha rett og naudsynt kompetanse på skulen: § 10-8 Kompetanseutvikling:

Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgde med utviklinga i skolen og samfunnet.

Ansvarer tilseier at fylkeskommunane må ha eit system som gir tilsette naudsynt kompetanseutvikling. Kompetanseutviklinga skal vere systematisk og har som formål å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kompetansen hos tilsette med oppgåver knytt til elevane og lærlingane si læring og utvikling.

Utdanningssektoren i Hordaland fylkeskommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass der læring, fornying og forbedring er ein naturleg del av kvardagen. Plan for kompetanseutvikling skal medverke til kontinuerleg kvalitetsutvikling for å nå fylkeskommunen sine overordna mål om auka læringsutbytte og fullføring. Planen viser sentrale kompetanseutviklingsområder og strategiar for ein langsiktig utvikling av kompetanse i skulane i Hordaland. Målretta og systematisk satsing på kunnskapsdeling og kompetanseutvikling skal sikre at HFK og den enkelte medarbeidar har rett og framtidsretta kompetanse.

Planen skal bidra til:

1. Rett kompetanse
2. Høg faglig og pedagogisk kvalitet i undervisninga
3. Å gjere Hordaland fylkeskommune til ein attraktiv arbeidsplass for tilsette i vidaregåande utdanningssektor

1.1 Kort om planen

Målgrupper: Lærarar/instruktørar, skuleleiarar, faglege leiarar (bedrift), rådgjevarar, elevinspektørar, miljøarbeidarar og bibliotekansvarlege.

Planens oppbygging

Plan for kompetanseutvikling er delt inn i to hovudkapittel – *Strategi 2016-2020* og *Oversikt over prioriterte tiltak i 2018/19*. Det første kapittelet *Strategi 2016-2020* er fylkeskommunen sitt styringsdokument for arbeidet med kompetanseutviklinga i vidaregåande opplæringa og skal gi generelle overordna føringar for den årlige tiltaksplanen. Den generelle delen er delt inn i tre underkapittel:

- *Nasjonale og lokale føringar* som viser kva føringar som er lagt til grunn for planen.
- *Strategiar for kompetanseutvikling* som gjer greie for på kva måtar fylkeskommunen planlegg å legge til rette for kompetanseutvikling.
- *Prioriterte kompetanseutviklingsområder* som gir ei kort omtale av dei prioriterte kompetanseutviklingsområda som skal leggjast til grunn for årleg rullering av planen.

I samband med den årlege rulleringa av planen skal kompetanseutviklingsområda inngå som tema og vurderast i lys av eventuelle nye signal i nasjonale og lokale styringsdokument.

Kapittel 2 *Oversikt over prioriterte tiltak i 2018/19* gir ei oversikt over tiltak og økonomi for 2018/19. Tiltaksplan og budsjett skal utarbeidast kvart år og drøftast med organisasjonane.

2. Nasjonale og lokale føringar

Strategiplanen skal understøtte fylkeskommunen sine hovudmål og strategiar og er forankra i nasjonale og lokale føringar og følgjer hovudavtalen (Del C, § 6) og arbeidsmiljølova (§ 4-2) sine krav om kompetanseutvikling og fagleg og personleg utvikling.

2.1 Nasjonale føringar

Felles for dei nasjonale føringane er eit fokus på eit *systematisk, kunnskapsbasert* og *dynamisk* arbeid med kompetanseutvikling:

- Krav i Læreplanverket
- Kompetanse for kvalitet – Strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025
- Yrkesfaglærarløftet – strategi for kompetanseutvikling for yrkesfaglærere
- NOU 2015:8 «Fremtidens skole»
- Stortingsmelding 18 (2010-2011) Læring og fellesskap
- Stortingsmelding 20 (2012-2013) På rett vei

I **NOU 2015:8 «Fremtidens skole»** har eit utval vurdert kva kompetansar som vil vere viktige for elevane og kva endringar som må gjerast for at elevane utviklar desse kompetansane. Utvikling av skuleeigar og skulane sin kompetanse når det gjeld styring og leiing av lokalt arbeid med læreplanar vil vere ein viktig strategi for å bygge utviklingskapasitet i opplæringssektoren i åra framover.

Vidare påpeikar Ludvigsenutvalet at lærarprofesjonens kompetanse og praksis er avgjerande for at elevane skal kunne utvikle kompetansane for framtida. Utvalet seier vidare at lærarane vil ha behov for å styrke sin didaktiske og fagdidaktiske kompetanse og vidareutvikle metodar for undervisning. Kollegialt samarbeid om elevanes læring er ein føresetnad for å sikre at planlegging og gjennomføring av undervisninga bygger på forskning og erfaring og er tilpassa elevane sitt læringsbehov. Ludvigsenutvalet påpeikar vidare at eit godt læringsmiljø, samt støtte til lærarens arbeid, er avgjerande for lærarens profesjonelle arbeid.

Kompetanse for kvalitet – Strategi for vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar fram mot 2025

Målsetjinga er å styrkje elevane si læring og motivasjon ved å auke læraren sin faglege, fagdidaktiske og pedagogiske kompetanse gjennom målretta og landsdekkjande gjennomføring av vidareutdanning. Strategidokumentet set rammer for nasjonale satsingsområder og ansvarsfordelinga mellom dei ulike partane. Dette strategidokumentet er utarbeidd i samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet, KS, lærarorganisasjonane og Universitets- og høgskulerådet.

I strategien står det blant anna at det er viktig at fylkeskommunen: «*kartlegger behov for vidareutdanning på den enkelte skole og samarbeider med arbeidstakerne om langsiktige planer for kompetanseutvikling*»

I **Yrkesfaglærarløftet** har regjeringa utarbeida ein strategi med desse måla:

- auka rekruttering og kvalifisering av yrkesfaglærarane
- god kvalitet og relevans i yrkesfaglærarutdanninga
- gode mogelegheiter for kompetanseutvikling

2.2 Lokale føringar

Plan for kompetanseutvikling er forankra i følgjande lokale føringar:

- Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane
- Årleg tilstandsrapport for vidaregåande opplæring i Hordaland
- Strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019
- Regional plan for folkehelse - Fleire gode leveår for alle

- Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025
- Planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft

3. Strategi for kompetanseutvikling

Det er viktig for opplæringsavdelinga å skape arenaer for kompetanseutvikling og eit system for kontinuerlig og systematisk arbeid med kollektiv kompetanseutvikling. Den strategiske planen for kompetanseutvikling er opplæringsavdelinga sitt styringsdokument for arbeid med kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring i åra som kjem og dannar rammeverket for det framtidige arbeidet.

3.1 Kompetanseplanlegging- og kartlegging

I perioden 2016-2020 skal det systematiske arbeidet med kartlegging av kompetansebehov styrkast, jf. opplæringslova § 10-8. Det er avgjerande at den einstilte skule har ei aktiv og medveten haldning til kva kompetanse skulen har og kva type kompetanse skulen treng. På bakgrunn av kompetansekartlegging, må skulen vurdere kva kompetanse det er behov for og utarbeide ein plan for kompetanseutvikling som blir rullert årleg. Skulane sine kompetanseplanar skal og leggjast til grunn for den årlege rulleringa av strategi for kompetanseutvikling.

3.2 Skulebasert kompetanseutvikling

Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har i dei seinare åra vektlagt større satsing på skulebasert kompetanseutvikling. Dette er ein strategi HFK vil følgje opp og prioritere i komande strategiperiode. Skulebasert kompetanseutvikling inneber at skulane får til utviklingsprosessar på eigen arbeidsplass, gjerne i samarbeid med eksterne kompetansmiljø. Målet er å utvikle skulens samla kompetanse når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Auka fokus på skulebasert utvikling betyr at Hordaland fylkeskommune i større grad må sjå kompetanseutvikling og skuleutvikling i samanheng.

3.3 Etterutdanning

3.3.1 Fagnettverk

Fylkesdirektør opplæring vil frå hausten 2016 etablere fagnettverk innanfor ulike utdanningsprogram/fag. Fagnettverket erstattar det tidlegare FAU-systemet. Den nye innrettinga av fagnettverka skal sikre ei brei forankring i utdanningssektoren i HFK og vere ein arena for fremjing av faglig kompetanseutvikling i fylket. Fagnettverka skal bidra til fagleg kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram/ fag i tråd med nasjonale og lokale føringer. Kompetanseutviklinga skal bidra til utvikling av undervisnings- og vurderingspraksis i faga der elevar og lærlingar si læring står i sentrum.

Fagnettverka skal bestå av lærarar, skuleleiarar, skuleeigarrepresentantar og eksterne representantar frå næringsliv og/eller høgskule/universitet. Det er representantane frå HFK i fagnettverka som saman kan avgjere kva ekstern kompetanse som er hensiktsmessig å invitere til ein plass i fagnettverket.

Fagnettverka sitt arbeid skal vere målretta og forpliktande. Aktiviteten og innhaldet i det enkelte fagnettverk kan variere med omsyn til at faga-/programområda er ulike i storleik, faginnhald og sær eigenheit. For å sikre ressursar til å leie og gjennomføre arbeidet i fagnettverka med planlegging og gjennomføring av kompetansehevingstiltak, vil det bli sett av inntil 30% for frikjøp av 2 lærarar i kvart av fagnettverka. Det er fylkesdirektør opplæring som lyser ut og engasjerer ressurspersonar i fagnettverka.

Fagnettverka skal:

- Drøfte og løfte sentrale problemstillingar knytt til utviklinga av utdanningsprogrammet/fagområdet
- Identifisere og kartlegge behov for kompetanseutvikling innanfor utdanningsprogrammet/fagområdet
- Tilby fagleg-pedagogiske kurs/kompetanseutviklingstiltak for lærarar
- Vurdere behov for andre typar kompetanseutviklingsarenaer som kan styrke samarbeid på tvers innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og eksterne kompetansmiljø/næringsliv

Frå august 2016 vil det bli etablert 16 fagnettverk innan følgjande fag-/programområder:

- Bygg- og anleggsteknikk
- Design og handverk
- Elektrofag
- Framandspråk
- Helse- og omsorgsfag
- Idrettsfag og kroppsøving
- Kunst, design og arkitektur
- Medium og kommunikasjon
- Musikk, dans og drama
- Naturbruk
- Norsk
- Realfag
- Restaurant- og matfag
- Samfunnsfag og økonomi
- Service og samferdsel
- Teknikk og industriell produksjon

3.3.2 Interne kurs og kompetanseutviklingstilbod i regi av HFK som skuleeigar

Hordaland fylkeskommune har eit stort tal vidaregåande skular spreidd over eit relativt stort geografisk område. Skulane har varierende storleik både med omsyn til tal på elevar og faglig kompleksitet. Det er difor av stor verdi for einskilde grupper innan sektoren og få eit tilbod om kompetanseutviklingsarenaer saman med kollegaer frå andre skular.

Fylkesdirektør opplæring ser det som ein sentral strategi for skuleeigar å legge til rette for slike læringsarenaer, og det vil også i neste strategiperiode bli lagt vekt på å utvikle nettverk og sikre møteplasser for relevant faglig kompetanseheving og erfaringsdeling mellom personar frå ulike skular med same stilling/funksjon. Det gjeld til dømes skuleleiarar, rådgjevarar, m.m. Det har i inneverande strategiperiode blitt etablert nye nettverk/samarbeidsarenaer.

3.4 Vidareutdanning

Tilbod om vidareutdanning til lærarar og skuleleiarar i vidaregåande opplæring skal i hovudsak prioriterast på grunnlag av nasjonale og lokale behov og rammevilkår. Det er også viktig å sjå strategi for vidareutdanning som eit ledd i ein arbeidsgjevarpolitikk som tar omsyn til individuelle ønskjer og behov for kompetanseutvikling, særleg i omstillingssituasjonar.

Med vidareutdanning meinast utdanning frå universitet og høgskule som gir formell kompetanse og kan omfatte både påbygging på fag ein allereie har noko utdanning i, og utdanning i nye fag. Vidareutdanningane skal vere målretta mot fagområde det er særleg behov for å styrke. Vidare skal dei vere retta inn mot lærarar som profesjonsutøvarar og gi fagleg og didaktisk kompetanse i faga. Kva fag og pedagogisk kompetanse som skal prioriterast kvart år skal drøftast i samband med den årlige rulleringa av planen.

4. Kompetanseutviklingsområder

Dei prioriterte kompetanseutviklingsområda baserer seg på nasjonale og lokale føringar og oppdatert forskning på skulesektoren, og skal bidra til å nå overordna nasjonale og lokale mål. Nedanfor følgjer ei oversikt over dei prioriterte kompetanseutviklingsområda for perioden 2016-2020.

4.1 Pedagogiske kompetanseutviklingsområder

4.1.1 Klasseleiing

Klasseleiing handlar om å skape eit positivt læringsmiljø, der elevene kan konsentrere seg og bli motiverte for læring og utvikling. God vurderingspraksis og god klasseleiing heng tett saman, og er grunnleggande for

læraranes pedagogiske praksis. Det er vanskelig å få til god klasseleiing utan god vurderingspraksis og omvendt. Skal elevanes dugleik i lesing og rekning bli betre, er dei avhengige av å ha lærarar som er dyktige klasseleiarar og som har en vurderingspraksis som bygger opp under gode relasjonar, tydelege faglege forventningar til elevane, eit trygt læringsmiljø, læringsfremjande tilbakemeldingar og elevar som er aktive deltakarar i eigen læreprosess.

4.1.2. Læringsmiljø

Læringsmiljø er avgjerande både i klasserommet, i verkstaden og i bedrifta der ein er ute i lære. Korleis elevane og lærlingane trivst, har innverknad på motivasjon og psykisk helse og har igjen innverknad på vidare utdanningsløp. Manglande sosial og fagleg identifikasjon og tilhørslse, samt låg skulemotivasjon er dei viktigaste direkte årsakene til svake skuleprestasjonar og fråfall. Elevar og lærlingar som opplever tilhørslse og tilknytning til skule og lærebedrift har større sjanse for å gjennomføre utdanninga. I ei forskingsoppsummering ved Kunnskapssenter for utdanning i 2014 blir det slått fast at «*stadig mer forskning peker i retning av at opplevelse av tilhørighet og tilknytning til skolen er en sterk prediktor for helse, og læringsutbytte, elevtilfredshet og atferdsproblemer*¹» Skuleleiarar og elevinspektørar vil vere særleg sentrale målgrupper for kompetanseheving på dette området.

4.1.3 Vurdering for læring

Å sikre at elevar og lærlingar får læringsfremjande tilbakemeldingar på eigne prestasjonar og utvikling er eit sentralt kompetanseutviklingsområde i HFK. Vurdering skal ha som formål å motivere eleven/lærlingen til å nå læringsmåla. Undervegsvurdering handlar om å klargjere forventningar, beskrive og vurdere oppnådd kvalitet på læringsarbeidet, gi råd om forbetring og legge til rette for at eleven/lærlingen skal vurdere eige arbeid. Lærarane/instruktørane sin kompetanse og vurderingspraksis har stor betydning for elevane/lærlingane sitt læringsutbytte.

4.1.4 Pedagogisk bruk av IKT

Kunnskapsløftet (K06) spesifiserer digitale ferdigheiter som ein grunnleggjande ferdigheit og naudsyn kompetanse for læring i alle fag. Bruk av IKT er soleis ein føresetnad for elevane si læring og utvikling av læringsarbeidet i skulen. Forsking peikar også på at bruk av IKT kan bidra til å fremje elevdeltaking—meir elevsentrert og dialogbasert (dialogisk) undervisning. Erfaring frå utviklingsarbeid og læringsprosjekt i Hordaland synar allereie IKT si rolle knytt til utvikling av god vurderingspraksis og tilpassa opplæring². NOU 2015:8 «Fremtidens skole»³ følgjer opp K06 si satsinga på digital kompetanse og viser til korleis denne kompetansen må inngå som ein sentral del av fagområda i skulen i framtida. Bruk av IKT i læringsarbeidet krevjar kontinuerlig kompetanseheving for elev, lærar, skuleleiar og administrasjon—særskilt i høve til verktøykompetanse og didaktisk forståing av korleis IKT kan nyttast i fag og undervisning.

4.2 Faglig-pedagogisk kompetanse

Stabile og robuste fagmiljø er ein føresetnad for ei opplæring av høg kvalitet. NOU: 2015:8 peikar på at faga i skulen treng fornying for å møte framtidig kompetansebehov i arbeids- og samfunnsliv. Elevane utviklar kompetanse gjennom arbeidet med faga, og utvalet meiner at ei fornying må reflektere at elevar i norsk skule vil ha behov for å utvikle fire sentrale kompetansar: fagspesifikk kompetanse, kompetanse i å lære, kompetanse i å kommunisere, samhandle og delta, og kompetanse i å utforske og skape. Fag og fagområde endrar seg raskare enn tidlegare. God kunnskap om dei mest sentrale metodane og tenkemåtane, omgrepa og prinsippa som faga består av, vil gi elevane innsikt og ferdigheiter i faget som er relevante over tid.

Faga må utviklast slik at dei legg til rette for at elevane har moglegheit til å gå i djupna og det må vurderast å redusere tal fagområder det er realistisk at skulefaga kan bestå av. Utvalet peiker også på tre fleirfaglege tema

1

<http://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?c=Rapport&cid=1254000228200&pagename=kunnskapssenter/Hovedsidemal>

2 <https://www.laringihordaland.no>

3 NOU 2015:8 Fremtidens skole: side 26. "Utvalget ser digital kompetanse som en sentral del av fagområdene i skolen. Teknologitvutvikling og bruk av digital teknologi har stor innvirkning på hvordan vi lever livene våre både privat, i skolen og i arbeids- og samfunnsliv. Digital kompetanse er i dag en forutsetning for å kunne delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i arbeids- og samfunnsliv.23 Digital kompetanse er en integrert del av ulike fagområder i skole og utdanning, og er avgjørende for innovasjon og teknologitvutvikling i næringslivet og i offentlige virksomheter."

som vil vere særlig viktige framover og som må vere tydelige i læreplanverket: Bærekraftig utvikling, det fleirkulturelle samfunn og folkehelse og livsmestring. Gjennom skulebasert kompetanseutvikling, fagnettverk og vidareutdanning skal HFK sikre høg og framtidretta fagkompetanse.

4.3 Leing

HFK skal legge til rette for vidareutdanningstilbod for skuleleiarar som er oppdatert, stimulerande, relevant og praktisk anvendeleg. Målet er at rektorane/skuleleiarane skal bli betre i stand til å utføre sine leiaroppgåver i ein praktisk og travel kvardag. Tilbakemeldingar dei seinare åra tyder på at dei som har gjennomført vidareutdanning innan skuleleing i større grad har ei klar forståing av eiga leiarrolle og føler seg tryggare i rolla som skuleleiar. Vidareutdanningstilbod retta mot skuleleiarar vil framleis vere det viktigaste tiltaket når det gjeld kompetanseutvikling for skuleleiarar. Målet er at alle skuleleiarar i HFK skal ha minimum 30 studiepoeng innanfor område utdanningsleing på masternivå.

Det vil i neste strategiperiode i tillegg bli lyst ut eit årleg stipend til rektorar/skuleleiarar som har gjennomført rektorutdanninga og ønskjer å gå vidare til ein fullført mastergrad. Stipendet skal gå til å dekke eventuelle skulepengar/andre kostnader knytt til gjennomføringa.

4.4 Samarbeid skule/bedrift

For at flest mogleg lærlingar og lære kandidatlar skal fullføre, er det nødvendig at åra i vidaregåande opplæring blir sett på som ein heilskap, og at det er tett kontakt mellom bedrift og skule gjennom heile løpet. Dagens regjering ønskjer å motivere arbeidslivet til å delta i kompetanseutviklinga av yrkesfaglærarane. Bedrifter og bransjar har fagkompetanse, er oppdaterte på teknologi og metodar, og kan dermed bidra til at lærarar som underviser framtidige lærlingar/arbeidstakarar også får denne kunnskapen.

Det er skilnad på korleis ein yrkesfaglærar og ein fellesfaglærar utøver profesjonen sin. Yrkesfaglærarane bør difor få eigne kompetanseutviklingstilbod som er skreddarsydde for denne gruppa. Både nasjonalt og lokalt er det sett i gang tiltak for å få meir systematisk kunnskap om kva kompetansebehov yrkesfaglærarane har.

Hospitering fører til kompetanseheving og nettverksbygging både for dei tilsette i skulane og i bedrifta. Dette fører til ei utviding av skulane sine kontaktnett hos bedrifta, samt stimulerer til betre samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

4.5 Oppfølging av nytilsette

Nye lærarar i HFK skal sikrast tett og god oppfølging frå arbeidsgjevar si side. Dette kan best sikrast gjennom at nye lærarar møter rettleiarar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse. Eit tilbod om formell kompetanse innan rettleiing for mentorar er viktig for å sikre kvalifisert rettleiing av nye lærarar slik at dei meistarar jobben og blir i skulen. Utdanning innanfor rettleiing for mentorar skal sikre at den rettleiinga nye lærarar får er målretta, systematisk og profesjonell. Nye lærarar må og sikrast gode og tilrettelagte læringsarenaer på tvers av skular der dei kan møte andre lærarar i same situasjon og dele erfaringar i ein trygg kontekst.

4.6 Interkulturell kompetanse

Det å erverve seg kunnskap om andre kulturar og andre måtar å tenke og løyse utfordringar på, gjer at ein også får meir kunnskap om seg sjølv og sin eigen kulturelle bakgrunn. Interkulturell kompetanse kan blant anna definerast som å få meir grunnleggande kunnskap om seg sjølv og andre og dermed gjere ein i stand til å fungere positivt, reflektert og aktivt i eit kulturelt mangfald og i internasjonal samhandling.

Med utgangspunkt i HFK sin Internasjonale strategi frå 2013 utvikla opplæringsavdelinga sin strategi med handlingsplan i 2014. Eit av måla for internasjonalisering i vidaregåande opplæring er:

- Internasjonal kompetanse skal gjere elevane og lærlingane i stand til å fungere positivt, reflektert og aktivt i eit fleirkulturelt norsk samfunn og eit internasjonalt verdssamfunn.

I tråd med HFK sin overordna strategi har opplæringsavdelinga som mål å auke den internasjonale kompetansen til lærarar og skuleleiarar. Skuleeigar kan bidra med kompetanse og støtte slik at lærarar og skuleleiarar får kunnskap om å søkje ulike europeiske stipendordningar.

4.7 Rådgiving

4.7.1 Karriererådgiving

Val av utdanning og yrke blir opplevd som vanskelig for mange elevar. I tillegg vil stadig fleire i løpet av yrkeskarrieren ha behov for å skifte jobb eller yrke. Eit godt system for karriererettleiing med høg kompetanse kan bidra til at den enkelte sine føresetnader og arbeidslivet sin etterspørsel etter kompetanse kan bli ivareteke på ein effektiv måte. Dette kan være av stor samfunnsøkonomisk betydning i eit arbeidsliv der endring blir stadig vanlegare. Kompetansehevande tiltak vil i så måte knytast til karriererettleiing som læringsprosess, kor karrierelæring er sentral. Utvikling av karrierekompetanse og valkompetanse blir svært viktig i framtida. (Rapport fra ekspertutvalg, VOX, 2015 «CMS – et felles perspektiv for karriereveiledning i Norge?»)

4.7.2 Sosialrådgiving

Behovet for individuell rådgiving er aukande, særlig innanfor det sosialpedagogiske rådgivingsfeltet (Buland, T m.fl, 2015) Eit aukande tal minoritetsspråklige elevar inneber utfordringar knytt til språk, kultur og psykososiale problemstillingar. I tillegg ser ein og ein auke av psykososiale utfordringar i elevmassen generelt. At psykososiale utfordringar kan ha stor betydning for den enkelte sine moglegheiter til å fullføre vidaregåande opplæring viser ei kartlegging frå NAV Hordaland og Hordaland fylkeskommune i forbindelse med NY GIV. I undersøkinga kjem det fram at 70 % av elevane som slutta undervegs i vidaregåande opplæring i Bergen skuleåret 2010-2011, hadde rusproblem, psykiske problem, eller begge delar (St. meld. 20 «På rett vei»).

4.8 Spesialpedagogisk kompetanse

Skuleleiarane skal sikre at skulen har kompetanse til å følgje opp og gje forsvarleg opplæring til elevar med særskilte behov. Årleg blir om lag 1000 elevar/lærlingar/lærekandidatar tilvist til OT/PPT for vurdering av ulike vanskar og ønskje om råd om tilpassa opplæring og sakkunne om spesialundervisning. Skuleeigar og skuleleiarane har ansvar for å sikre at skulane har den naudsynte kompetansen slik at dei kan gje alle elevar, uansett kva lærevanskar dei har, eit forsvarleg opplæringstilbod og følgje opp råd og sakkunnige anbefalingar frå OT/PPT.

PP-tenesta har ansvar for å hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov jf. opplæringslova § 5-5. For å sikre god og rett kompetanse på det spesialpedagogiske området vil det vere behov for kontinuerleg og planlagt kompetanseheving for å møte behova til elevar som treng særskilt tilrettelegging for å fullføre vidaregåande opplæring.

4.9 Skulebibliotektenesta

Skulebibliotektenesta kan vere ein viktig ressurs for å skape eit godt skule- og læringsmiljø der elevane får rettleiing og hjelp til å finne og utforske tekstar gjennom alle typar media og til alle typar emne og fag. Bibliotektenesta er i stadig utvikling i ein digital kvardag. Skulebibliotekaren er ein profesjonell rettleiar i kjeldekritikk og kvalitetssikring av informasjon. Etterutdanning i høve dagens medielandskap er ei viktig investering. Styrking av kompetansen i skulebiblioteka vil vere viktig for elevane si læring og læringsmiljøet, og bidra til å gjere biblioteket som læringsarena til ein uvurderleg møteplass mellom språk og kulturar for alle elevar.

Kapittel 2

Oversikt over prioriterte tiltak i 2018/19

5. Tiltak

Dette kapittelet gir ei oversikt over prioriterte tiltak og økonomi for 2018/19. Tiltaksplanen er utarbeida i tråd med føringar i kapittel 1 i Plan for kompetanseutvikling.

5.1 Skulebasert kompetanseutvikling/læringsprosjekt

Målområder	Tiltak	Kostnadsramme
Skulebasert Kompetanseutvikling/læringsprosjekt	- Læringsprosjekt - Kompetanse for mangfald	1 200 000
Sum		1 200 000

5.2 Etterutdanning

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Nettverk		
Fagnettverk	Faglig kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram/ fag	5 000 000
Andre nettverk for: - Bibliotekansvarlege - Miljøarbeidarar - Minoritetsspråklege - Pedagogisk bruk av IKT - Rådgjevarar - Skuleleiarar - Spesialpedagogikk	Interne kurs og kompetanseutviklingstilbod i regi av HFK som skuleeigar	1 500 000
Sum nettverk		6 500 000

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Annan etterutdanning		
Lærarar	- Andrespråklæring - Fagkurs for yrkesfaglærarar - Hospitering for lærarane - Læringsmiljø - Nordic Teachers Space camp - Utdannings- og reisestipend - Vurdering for læring	1 900 000
Skuleleiing	- Vurdering for læring - Samling: leiing i ein digital kvardag - KS- leiarprogram - FYR/yrkesdifferensiering	950 000

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
Faglige leiarar / instruktørar og prøvenemnda	- Faglig leiar / instruktør opplæring - Hospitering for instruktørar / faglig leiarar - Vurderingskurs for prøvenemnder	2 080 000
Miljøarbeidarar	- Stipend	100 000
Sum annan etterutdanning		5 030 000

5.3 Vidareutdanning

Målområder	Tiltak	Kostnadsramme
Vidareutdanning		
Lærarar	- Kompetanse for kvalitet - Yrkesfaglærarløftet - Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk	24 375 000
Rådgjevar	- Karriererettleiing - Sosialpedagogikk	
Rektorutdanning	- 30 stp. innan skuleleiing	
Miljøarbeidarar	- Stipend	
Sum vidareutdanning		24 375 000

6. Finansiering 2018/19

Kostnader	Kroner
Skulebasert kompetanseutvikling	1 200 000
Etter -og vidareutdanning	35 905 000
Sum	37 105 000

Finansiering	Kroner
Statlege midlar	23 990 000
HFK-midlar	13 115 000
Sum	37 105 000

Tiltaka blir finansiert ved hjelp av statlege midlar til kompetanseutvikling og midlar frå opplæringsavdelinga sine budsjett. I dette er det ikkje rekna med eigeninnsats i form av faste stillingar ved opplæringsavdelinga og skulane. Heller ikkje skulane sine vikarutgifter i samband med lærarane si etterutdanning, er rekna med. Desse ressursane er betydelege. Det er lagt inn ein eigenbetaling frå skulane i samband med etterutdanning i regi av fagnettverka.

Statlege midlar til etterutdanning er midlar det har blitt søkt på til spesifikke tiltak. Det er krav om rapportering på bruk av desse midlane. I inneverande periode gjeld dette midlar til hospitering, fagkurs for yrkesfaglærarar og vurdering for læring.

Det er to nasjonale strategiar kor det kan søkjast om midlar støtte til vidareutdanning:

Det er:

- *Kompetanse for kvalitet*
- *Yrkesfaglærarløftet*

Finansieringa av vidareutdanning gjennom **Kompetanse for kvalitet** er delt mellom statlege og fylkeskommunale midlar. Finansieringa er ei spleising mellom stat, skuleeigar og den enkelte lærar.

Det er to finansieringsordningar i *Kompetanse for kvalitet*.

- **Vikarordning:** Lærarar som tek eit 30 studiepoeng studium skal frikjøpast 37,5 prosent av full stilling. Fordelinga på finansieringa er 60 % stat, 15 % skuleeigar og 25 % for lærarar i form av bruk av eiga tid. For vidareutdanning innan matematikk og naturfag er fordelinga slik 75 % stat og 25 % for lærarar.
- **Stipendordning:** Lærarane får 110 000 kr. i stipend for å ta 30 stp. i prioriterte fag.

Den enkelte lærarar avgjer sjølv i samråd med skuleleiinga kva finansieringsordning som blir søkt om. Skuleeigar må dekkje utgifter i samband med reise, opphald og læremiddel for lærarar som tek vidareutdanning gjennom den nasjonale strategien.

Yrkesfaglærarløftet:

Det er to finansieringsordningar under denne ordninga:

- Stipend: Lærarane får 55 000 kr. i stipend for å ta 15 stp.
- Frikjøp: Lærarar som tek eit 15 studiepoeng studium skal frikjøpas 18,75 prosent av full stilling.

Stipend og frikjøp er full finansiert av staten. Skuleeigar må dekkje utgifter i samband med reise, opphald og læremiddel for lærarar som tek vidareutdanning gjennom Yrkesfaglærarløftet.

Den enkelte lærarar avgjer sjølv i samråd med skuleleiinga kva finansieringsordning som blir søkt om.

Hordaland fylkeskommune har i dag samarbeid med to tilbydarar i UH- sektoren om ulike vidareutdanningstilbod etter skuleigar/ skulane sine behov og ønskje.



Arkivnr: 2015/9089-4
Saksbehandlar: Ragnhild Ravna Skjærvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	15/18	05.03.2018
Utval for opplæring og helse	31/18	13.03.2018

Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2018

Samandrag

Opplæringsavdelinga ved fagopplæringskontoret har utarbeidd ein tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland for 2018. Planen er i tråd med strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland. Tiltaka i planen for 2018 skal bidra til at vi når måla i strategiplanen for perioden 2016-2019.

Planen skal rullerast i samarbeid med yrkesopplæringsnemnda kvart år og leggjast fram for utval for opplæring og helse til orientering.

Økonomi: I statsbudsjettet for 2018 er fylkeskommunane tildelt ekstra midlar. Midlane skal gå til tiltak for å styrkja fagopplæringa. Arbeidet med å rekruttera lærebedrifter er særskilt trekt fram.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Å få fullført utdanninga vil ha noko å bety for den einkilde si helse.

Regional planstrategi: Tiltaka er forankra i regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Planen peikar på at alle kvalifiserte søkjarar skal få tilbod om læreplass slik at fag- og yrkesopplæringa blir meir føreseieleg. Det er eit viktig delmål å auke opplæringskapasiteten i arbeidslivet ved at fleire bedrifter blir godkjende lærebedrifter. Ein skal styrkja samarbeidet mellom dei vidaregåande skulane og arbeidslivet lokalt, slik at talet på elevplassar samsvarar betre med talet på læreplassar.

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse tek tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2018 til orientering. Tiltaksplanen vil prioritera å:

1. Arbeida for å få fleire ut i lære ved å sikra overgangen frå skule til læreplass
2. Tilsetja ein person i 50% stilling for å rekruttere fleire lærebedrifter
3. Arbeida for å auke rekruttering til restaurant- og matfag
4. Auke arbeidet med rettleiing i lærebedrifter
5. Utarbeida eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa
6. Digitalisera driftsprosessar

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.03.2018

Tor André Ljosland sette fram slikt forslag på vegne av KRF :

Stryk «i 50% stilling»i kulepunkt 2

Røysting:

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Sølvi Olrich Sørebo sette fram slikt forslag på vegne av KS:

Presisering av pkt. 1 i forslag til vedtak:

1. Arbeida for å få fleire ut i lære ved å sikra overgangen frå skule til læreplass, mellom anna ved at skulen gir systematisk lik og god:
 - - tilrettelegging for og motivasjon til at all yrkesfagleg fordjuping (YFF) skal skje i bedrift
 - informasjon om forventningar, plikter, rettar og prosessar rundt søkjeprosessen og læretida
 - hjelp til å finne lærebedrifter
 - rettleiing i søkjeprosessen
 - oppfølging av både lærling og lærebedrift gjennom heile praksisperioden

Røysting:

Sørebo sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda :

Utval for opplæring og helse tek tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2018 til orientering. Tiltaksplanen vil prioritera å:

1. Arbeida for å få fleire ut i lære ved å sikra overgangen frå skule til læreplass, mellom anna ved at skulen gir systematisk lik og god:
 - - tilrettelegging for og motivasjon til at all yrkesfagleg fordjuping (YFF) skal skje i bedrift
 - informasjon om forventningar, plikter, rettar og prosessar rundt søkjeprosessen og læretida
 - hjelp til å finne lærebedrifter
 - rettleiing i søkjeprosessen
 - oppfølging av både lærling og lærebedrift gjennom heile praksisperioden
2. Tilsetja ein person for å rekruttere fleire lærebedrifter
3. Arbeida for å auke rekruttering til restaurant- og matfag
4. Auke arbeidet med rettleiing i lærebedrifter
5. Utarbeida eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa
6. Digitalisera driftsprosessar

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.02.2018

Tiltaksplanen for 2018 er forankra i strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland for perioden 2016-2019, overordna strategiar for fylkeskommunen og opplæringsavdelinga. Utval for opplæring og helse slutta seg til strategiplanen i september 2015.

Fagopplæringskontoret har starta eit systematisk arbeid for å nå måla i planen. I 2016 og 2017 blei det utarbeidd tiltaksplanar som utval for opplæring og helse slutta seg til. Planen for 2018 vidarefører arbeid frå tidlegare år, samtidig som nye tiltak vil bli sett i verk.

Dokument i saka:

- Sak 87/2015: Utval for opplæring og helse 10.11.2015.
Sakstittel: Strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019
- Sak 114/2017: Fylkestinget 12.12.2017.
Sakstittel: Vurdering av behov for forlenging av prosjektperioden - prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
- Sak 105/2017: Fylkestinget 12.12.2017.
Sakstittel: Årsbudsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021
- Samfunnskontrakt for fleire lære plassar (2016-2020)

Sikre overgang frå skule til lære plass

Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring er ei nasjonal og regional målsetjing. Det er difor viktig å sikra overgangen frå skule til lære plass, slik at fleire fullfører og består fagopplæring. Fylkeskommunen pliktar å gje tilbod til kvalifiserte søkjarar til lære plass.

Prosjektet fleire ut i lære har ein sentral plass i arbeidet med auka gjennomføring. Dei fem yrkesfaglege koordinatorane i prosjektet skal arbeida med å sikra overgangen frå skule til lære plass. Gjennom lokalt samarbeid skal dei arbeida for at talet på elev plassar samsvarar med talet på lære plassar.

I dag er det ikkje samsvar mellom søkjarar til lære plass og tilgangen til lære plassar. Fylkestinget vedtok i desember 2017 følgjande verbalpunkt i budsjettet:

«I regjeringas forslag til statsbudsjett er det sett av 40 millionar til tiltak for å styrkja fagopplæringa. Arbeidet med å rekruttera fleire lærebedrifter er særleg trekt fram.»

Midlane vil mellom anna bli nytta til å tilsetja ein person i 50 % stilling som får i oppgåve å rekruttera fleire lærebedrifter. Dette skal bidra til å betra balansen mellom arbeidslivet sitt behov og elevane sitt ønske om utdanning.

I formidlinga for 2018 vil vi ta ut lister med namn på søkjarar som skal nyttast som verktøy for å hjelpe ungdom inn i lære. Aksjon lærebedrift skal oppsøkje godkjende lærebedrifter som ikkje har tatt inn lærling. Vi vil vidareføra arbeidet med å auka opplæringskapasiteten i offentlege verksemdar i tråd med tilrådingane til KS.

Arbeidet må sjåast i samanheng med samfunnskontrakten for fleire lære plassar i perioden 2016-2019. Målet i kontrakten er at alle kvalifiserte søkjarar skal få tilbod om lære plass. I kontrakten har ein peika på at det må etablerast lokale nettverk, og ein må rekruttera fleire lærebedrifter for å skaffa fleire lære plassar.

Arbeidet for å auka rekruttering til restaurant- og matfag

Fylkestinget vedtok i desember 2017 følgjande verbalpunkt i budsjettet:

«Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg lære plass. Hordaland fylkeskommune skal etablera eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle

aktørar med mål om å jobba fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.»

Arbeidet vil bli sett i samanheng med prosjektet fleire ut i lære. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ei orientering i fylkestinget våren 2018.

Rettleiing av lærebedrifter

Gjennomføring handlar òg om å sikre ei god opplæring undervegs i læreløpet. Vi vil arbeida systematisk med rettleiing av lærebedrifter og lærlingar. Vi vil starta med å kartleggja ulike bransjar for å få ei oversikt over kva bransjar vi skal prioritera. Ved godkjenning av nye lærebedrifter skal vi kontakta lærebedrifta og lærlingen innan dei 6 første månadene av læretida.

Hordaland deltek i ei nasjonal referansegruppe for lærling- og lærebedriftsundersøkinga i regi av Utdanningsdirektoratet. Gruppa jobbar mellom anna med å utvikla eit felles rapporteringssystem for fylkeskommunane. Systemet skal sikra at den årlege rapporteringa lærebedriftene pliktar å gje fylkeskommunen, vert gjennomført i samsvar med lov og forskrifter. Svara i den årlege rapporteringa saman med svara i lærlingundersøkinga vert ei viktig kunnskapskjelde i arbeidet med rettleiing.

Kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa

I strategiplanen for fag- og yrkesopplæringa står det at vi skal vera ein pådrivar for å utvikla ei opplæring i bedrift som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering som gir arbeidslivet relevant kompetanse. Kvalitet i arbeidet både med oppfølging direkte i læreforholdet og den administrative jobben som blir gjort, kan påverka gjennomføringa.

I 2018 skal vi leggja vekt på utvikling av eit forsvarleg system for oppfølging av fagopplæring i bedrift (opplæringslova. § 13-10). Systemet skal utviklast i tråd med Utdanningsdirektoratet sine føringar for kvalitet i fagopplæringa.

Hovudområde:

- Oversikt over lover, forskrifter og relevante styringsdokument.
- Skildring av HFK sine hovudoppgåver, organisering og fordeling av mynde på dette feltet.
- Rutinar for å sikra at fagopplæringskontoret, lærebedrifter/opplæringskontor og prøvenemnder har kompetanse til å vurdere regelverket og til å ivareta oppgåvene dei er tildelt.
- Rutinar for å sikra informasjonsflyt i verksemda for rapportering og tilbakemeldingar. Dette inkluderer m.a. gjennomføring av lærling- og lærebedriftsundersøkinga, dialogmøte og besøk til bedrifter og opplæringskontor, og årsrapportering frå desse.
- Vurdere/måla praksis på dei områda det er utarbeidd kvalitetsdokument for.
- Korrigera/forbetra på område der det er utarbeidd kvalitetsrutinar.
- Utarbeida gode rutinar for oppfølging av kritiske område i opplæringsverksemda.
- Rutinar for vedlikehald av kvalitetssystemet.

Digitalisera driftsprosessar

Digitalisera alle driftsprosessar er eitt av satsingsområda i strategiplanen. Satsinga er i tråd med fylkeskommunen sin IT-strategi.

I arbeidet med å utvikla dei digitale tenestene skal vi ha brukaren i sentrum. Digitale verkøy skal erstatta manuelle prosessar. Dei digitale tenestene skal gje brukarane våre gode, nyttige og brukarvennlege løysingar. Vi skal kopla felleskomponentar, som til dømes folkeregisteret og enhetsregisteret saman med eigne system for å sikra kvaliteten på data som kjem inn og som vert sendt ut. Dette vil òg gje ei sikrere behandling av sensitive personopplysningar. Digitaliseringa skal på sikt føra til redusert saksbehandlingstid, som igjen vil gje reduksjon i kostnader. I tillegg vil vi få frigitt ressursar til å auka arbeidet med tiltaka ovanfor.

Fylkesrådmannen vil i 2018 kartleggja arbeidsprosessar som kan digitaliserast og robotiserast. Enkle digitale løysingar vert sett i verk fortløpande. Iverksetjing som krev investeringar ut over budsjett, vil vi koma tilbake til i eiga sak.



Arkivnr: 2017/16980-6
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		05.03.2018
Yrkesopplæringsnemnda	16/18	05.03.2018
Utval for opplæring og helse	32/18	13.03.2018
Fylkesutvalet		11.04.2018

Moglegheit for å få til ei landslinje innan design og tekstil Vg2

Samandrag

Fylkesutvalet fatta i sak PS-293/17 vedtak om vidareføring av Vg2 Design og tekstil ved Årstad vgs. Vidare vart det vedteke at administrasjonen skulle kome attende med sak om moglegheit for å få til ei landslinje innan Design og tekstil Vg2. Vedtaket sa også at nabofylka bør inviterast inn i prosessen.

Føremålet med landslinjetilboda er å sikre at elevar frå heile landet har eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare tilbod. Dersom ein vurderer Vg2 Design og tekstil opp mot desse to kriteria, finn fylkesrådmannen at det ikkje er grunnlag for å søkje om å få godkjenning som landslinjetilbod. Årsaka til det i dag er tilbod innan Design og tekstil ved totalt 18 skular i 10 fylkeskommunar. Det er minst 270 elevplassar ved desse tilboda. Eit slikt omfang kan etter fylkesrådmannen si vurdering ikkje karakteriserast som lite. Vidare er det slik at kostnaden til Vg2 Design og tekstil ikkje skil seg vesentleg frå kostnaden til andre Vg2-tilbod innan utdanningsprogrammet Design og handverk. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at grunnlaget for landslinjestatus er til stades etter dette kriteriet.

Økonomi: Dersom ein får godkjent eit landslinjetilbod, vil ein få tilskot direkte frå staten

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til innstilling

Det vert ikkje arbeid vidare med ein søknad om landslinjetilbod Vg2 design og tekstil.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.03.2018

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda :

Det vert ikkje arbeid vidare med ein søknad om landslinjetilbod Vg2 design og tekstil.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.02.2018

Bakgrunn

I sak PS-293/17 Justering av tilbudsstrukturen 2018/19 – klassesaka - som vart handsama i fylkesutvalet 7. desember 2017, rådde fylkesrådmannen til nedlegging av Vg2 Design og tekstil ved Årstad vgs. Årsaka til framlegget var at det ikkje er læreplassar i faget. Rådmannen peika på at det i fleire år har vore oppretta Vg3 i skule innan Kjole- og draktsyarfaget som alternativ til læreplass for elevar som har fullført Vg2 Design og tekstil. Vg3 i skule innan Kjole og draktsyarfaget er eit svært kostbart tilbod, og talet på elevar som oppnår fagbrev etter eitt år, er relativt lågt. I tillegg er det ein svært liten arbeidsmarknad for dei som fullfører utdanninga.

Fylkesutvalet fatta i sak PS-293/17 vedtak om vidareføring Vg2 Design og tekstil ved Årstad vgs. Vidare vart det vedteke at administrasjonen skulle kome attende med sak om moglegheit for å få til ei landslinje innan Design og tekstil Vg2. Vedtaket sa også at nabofylka bør inviterast inn i prosessen.

Om landslinjetilbod

Føremålet med landslinjetilboda er å sikre at elevar frå heile landet har eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare tilbod.

Fylke med godkjende landslinjetilbod må stille nødvendige lokale og skuleromsutstyr, verkstader, øvingslokale o.l. til disposisjon, medan Utdanningsdirektoratet utbetalar driftstilskot og utstyrstilskot.

Det er Kunnskapsdepartementet som avgjer kva tilbod som får status som landslinje.

Inntak til landslinjer er regulert i § 6-12 i forskrift til opplæringslova.

«Inntak til landslinjer

Landslinjer er dei utdanningsprogramma på Vg1 eller programområda på Vg2 eller Vg3 som til ei kvar tid er godkjende av departementet som landslinjer. Ved inntak til godkjende landslinjer stiller søkjarar frå heile landet likt i konkurransen om plassar.»

Det er i dag følgjande godkjende landslinjetilbod:

- Anleggsteknikkfaget (Vg2)
- Anleggsmaskinmekanikerfaget (Vg3)
- Naturbruk med hovedfokus på økologisk landbruk (Vg2 og Vg3)
- Sportsfiske som næring og hobby (Vg1,Vg2 og Vg3)
- Einskilde idrettar/skiidrettar Vg1,Vg2 og Vg2
- Yrkessjåførfaget
- Flyfag (Vg2)
- Flytekniske fag (Vg3)
- Avionikerfaget (Vg3)
- Romteknologi – Vg3:
- Musikk, dans og drama med vekt på folkemusikk (Vg1,Vg2 og Vg3)
- Ur- og instrumentmakerfaget (Vg2)
- Smedfaget (Vg2) (ny hausten 2014)

- Natur- og miljøfag (Vg1, Vg2 og Vg3) (ny hausten 2015)

Hordaland har landslinjetilbod innan anleggsteknikkfaget, anleggsmaskinmekanikerfaget, yrkessjåførfaget og smedfaget. Dei tre første tilboda er landslinjetilbod fordi dei er kostbare samanlikna med andre tilbod. Mange fylke har desse tilboda, og elevane vert stort sett rekruttert frå eige fylke eller nabofylka. Hordaland er einaste fylke som har tilbod om smedfag, såleis er dette eit lite fag som har fått landslinjestatus på dette grunnlaget.

Vg2 design og tekstil


Totalt 14 fylke og 18 skular tilbyr Vg2 Design og tekstil. Tabellen under syner tilbodet pr fylke.

Fylke	Skule
Hordaland	Årstad vgs
Hedmark	Hamar katedralskole
Rogaland	Godalen vgs
Akershus	Lørenskog vgs Rud vgs
Buskerud	Kongsberg vgs
Østfold	Glemmen vgs Pluss skolen
Vestfold	Færder vgs
Møre og Romsdal	Borgund vgs
Trøndelag	Charlottenlund vgs Levanger vgs
Aust- Agder	Sam Eyde vgs
Vest- Agder	Mandal vgs
Oslo	Edvard Munch vgs
Troms	Bardufoss og Høgtun vgs
Nordland	Bodin vgs og maritime skole Polarsirkelen vgs

Dersom ein legg til grunn at det er ein klasse ved kvar skule, med 15 elevplassar i kvar klasse, er det totalt 270 plassar på programfaget Design og tekstil. 15 av desse plassane er ved Årstad vgs.

I dag har Rogaland tilbod om Vg2 Design og tekstil, medan Sogn og Fjordane ikkje har slikt tilbod. Fylkesrådmannen har førebels ikkje vore i kontakt med desse fylka om eit eventuelt landslinjetilbod. Slik kontakt vil bli oppretta dersom det vert vedteke at ein skal arbeide vidare med ein søknad om landslinjetilbod.

Vg2 Design og tekstil kvalifiserer for 12 ulike Vg3-løp enten som læretid i bedrift eller Vg3 i skule. I tillegg kan elevane velje påbygg til generell studiekompetanse. Figuren under syner dei ulike Vg3-løpa etter Vg2 Design og tekstil.



Kjelde: www.vilbli.no

Trass i at det er 12 ulike lærefag å velje mellom, er det svært få av elevane frå Vg2 Design og tekstil som har fått læreplass dei siste åra. Årsaka til dette er at faga er små, eller at det er små handverksbedrifter innan faga. Dette har ført til at bedriftene sjeldan har tatt inn lærlingar. På landsbasis vart det inngått 32 lærekontraktar i 2017, medan det i Hordaland vart inngått ein lærekontrakt i 2017.


Årstad vgs har difor gjennom mange år hatt tilbod innan Vg3 i skule i Kjole- og draktsyrfaget for å gje elevane moglegheit til å fullføre utdanninga si med fagbrev. Det er svært få av elevane som har greidd å bestå fagprøven etter eit år Vg3 i skule. Vidare er arbeidsmarknaden etter fullført utdanning avgrensa.

Rett til inntak til ledige plassar

Frå hausten 2017 vart reglane for inntak endra slik at ungdom kan søkje seg til ledige plassar i andre fylke. Det betyr at sjølv om eit tilbod ikkje har status som landslinje eller landsdekkande tilbod, kan elevar frå andre fylke få plass dersom det er ledige plassar etter at elevar frå eige fylke har fått tilbod. Heimfylket er pliktig til å betale gjesteelevsats for slike elevar.


Utvikling i søkjartala

Dei siste åra har talet på søkjarar til utdanningsprogrammet Design og handverk gått ned frå 5001 i skuleåret 2012/13 til 3980 i 2017/18. Den same utviklinga kan ein sjå for søkjartala til Vg2 Design og tekstil. Figuren under syner utviklinga i søkjartala til Vg2 Design og tekstil.



Kjelde: tal og statistikk frå Utdanningsdirektoratet

Endringa i søkjartala til tilboda i Hordaland har også hatt ein negativ trend i perioden slik tabellen under syner.



Kjelde: tal og statistikk frå Utdanningsdirektoratet

Vurdering av grunnlag for søknad om landslinjestatus

Føremålet med landslinjetilboda er å sikre at elevar frå heile landet har eit nasjonalt tilbod i programfag som enten

1. er små
2. og/eller er kostbare i høve til andre tilbod.

Ved eventuell vurdering av ein søknad om godkjenning av eit nytt landslinjetilbod er det desse to kriteria Kunnskapsdepartementet må legge til grunn.

Dersom ein vurderer Vg2 Design og tekstil opp mot desse to kriteria, finn fylkesrådmannen at det ikkje er grunnlag for å søkje om å få godkjenning som landslinjetilbod. Årsaka til det er at Design og tekstil i dag vert tilbydd ved totalt 19 skular i 13 fylkeskommunar. Det er minst 285 elevplassar ved desse tilboda. Eit slikt omfang kan etter fylkesrådmannen si vurdering ikkje karakteriserast som lite. Vidare er det slik at kostnaden til Vg2 Design og tekstil ikkje skil seg vesentleg frå kostnaden til andre Vg2-tilbod innan utdanningsprogrammet Design og handverk. Fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at grunnlaget for landslinjestatus er til stades etter dette kriteriet heller.



Arkivnr: 2018/7943-1
Saksbehandlar: Linda Farestveit

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse	33/18	13.03.2018
Fylkesutvalet		11.04.2018

Tidstjuvar i skulen

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til følgjande verbalforslag i Fylkestinget 12. desember 2017:

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak der det skal nedsetjast ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå tidstjuvar i skulen. Gruppa skal vere breitt samansett med representasjon frå arbeidstakarorganisasjonane, samt administrativt og politisk nivå på fylket.

Dei siste åra har det vært eit stort fokus på tidstjuvar i skulen. Politikerar har over lang tid fått tilbakemeldingar om at tilsette i skulen må bruke mykje tid på arbeidsoppgåver som berre i avgrensa grad kjem elevane til gode.»

Omgrepet «tidstjuvar» viser ofte til aktivitetar i ei verksemd som krev unødig tid og vert oppfatta som lite føremålstenleg med tanke på å sikre kvalitet og resultat i kjerneverksemda. Årsaker til tidstjuvar kan finnast i forhold som ei verksemd kan gjere noko med internt, eller kan vere resultat av forhold som verksemda ikkje har kontroll med, som til dømes lov, regelverk og rapporteringskrav frå andre myndigheiter. Som det går fram av saka, viser fylkesrådmannen til *Ideas2Evidence Rapport 12:14 Rapporterings- og dokumentasjonskrav i skulesektoren* som identifiserer styrkar og svakheiter, utfordringar og moglegheiter i det systemet vi har i dag. Rapporten inneheld konkrete forslag til fjerning av dokumentasjonskrav og rapportering både nasjonalt og lokalt. Det er forståing i skulesektoren for at det er behov for ulike typar rapportering og dokumentasjon, men utfordringa er det totale omfanget av ulike krav. Fylkesrådmannen meiner at ei arbeidsgruppe bør følgje opp funna i rapporten og vurdere i kva grad Hordaland fylkeskommune bør endre praksis knytt til rapportering og dokumentasjon. Eventuelle nye kartleggingar må bygge vidare på funn i rapporten. Arbeidsgruppa skal også drøfte og vurdere korleis ein kan unngå tidstjuvar i stadig meir digitale klasserom, samtidig som vi har eit framtidsretta blick på digital kompetanseutvikling.

Økonomi: Ingen effekt

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til innstilling

1. Fylkesrådmannen ber fylkesdirektør opplæring om å setje ned ei arbeidsgruppe med ein representant frå arbeidstakarorganisasjonane, ein skuleleiar, ein lærar og to representantar frå opplæringsavdelinga som skal gjennomgå tidstjuvar i skulen i lys av det politiske saksframlegget i denne saka.
2. Fylkesrådmannen ber utval for opplæring og helse om å utnemne to politiske representantar til arbeidsgruppa.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.02.2018

Fylkesrådmannen viser til vedtak i Fylkestinget 12.12.17: «Fylkestinget ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak der det skal nedsetjast ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå tidstjuvar i skulen. Gruppa skal vere breitt samansett med representasjon frå arbeidstakarorganisasjonane, samt administrativt og politisk nivå på fylket. Dei siste åra har det vore eit stort fokus på tidstjuvar i skulen. Politikarar har over lang tid fått tilbakemeldingar om at tilsette i skulen må bruke mykje tid på arbeidsoppgåver som berre i mindre grad kjem elevane til gode.»

Omgrepet «tidstjuvar» viser ofte til aktivitetar i ei verksemd som krev unødig tid og vert oppfatta som lite føremålstenleg med tanke på å sikre kvalitet og resultat i kjerneverksemda. Årsaker til tidstjuvar kan finnast i forhold som ei verksemd kan gjere noko med internt, eller kan vere resultat av forhold som verksemda ikkje har kontroll med, som til dømes lov, regelverk, rapporteringskrav frå andre myndigheiter.

Interne tidstjuvar i dei vidaregåande skulane


Når det gjeld interne tidstjuvar, er det eit leiaransvar å involvere tilsette på alle nivå i eit kontinuerleg arbeid med gjennomgang og vurdering av rutinar, prosedyrar og arbeidsprosessar for å sikre at dei støttar opp om kjerneverksemda. Det er i dag ei forventning om at alle statlege forvaltningsområde skal arbeide systematisk med å utnytte tildelte ressursar betre og auke produktiviteten. Digitalisering av tenestetilbod har gitt gode resultat for tilsette og brukarar innan fleire sektorar. Auka tilgang til digitale læringsressursar gir i dag lærarar og elevar i HFK fantastiske moglegheiter, men også utfordringar, når det gjeld effektiv tidsbruk. I ein studie som vart leia av professor Rune Krumsvik frå Universitetet i Bergen, kom det fram at det er elevar med svake læringsresultat som i størst grad taper på at dei brukar for mykje tid på digitale aktivitetar utanom faget på skulen. Forskarane fann også at læraren sin digitale kompetanse var viktig for å sikre effektiv klasseleiing og hindre at elevar kastar bort tida i klasserommet på nettaktivitetar utanom faget. I tillegg hender det at tid fell bort fordi digitalt utstyr sviktar og at det ikkje er kompetanse tilgjengeleg som kan rette opp problemet. Nyleg vart det gjennomført ei undersøking i regi av opplæringsavdelinga i HFK der det kjem fram at fleire skular rapporterer om at bruk av privat teknisk utstyr fører til uro i klasserommet, og at det ved fleire skular vert oppfatta som eit problem at elevar møter til undervisning utan pc. Ei arbeidsgruppe bør drøfte og vurdere korleis ein på ulike nivå kan bidra til at digitale hjelpemiddel styrkar kjerneverksemda og gir gode arbeidsforhold for lærarar og elevar.

Eksterne dokumentasjons- og rapporteringskrav

Tidsbruk i skulen har vore eit tema som har fått mykje merksemd dei seinare åra, og sentrale myndigheiter har hatt som mål å redusere unødig byråkrati i skulesektoren. I perioden 2013 til 2014 vart det sett i verk ei omfattande kartlegging av rapporterings- og dokumentasjonskrav i skulesektoren. Det var Kunnskapsdepartementet som tok initiativ til kartlegginga, som vart gjennomført av Ideas2evidence og Vista analyse. Hordaland fylkeskommune var ein av fylkeskommunane som deltok i kartlegginga. Kartlegginga inkluderte omfattande og tidkrevjande spørjeundersøkingar og intervju med leiarar og tilsette på fylkeskommune-/kommunenivå og på skular. Føremålet med kartlegginga var å identifisere styrkar og svakheiter, utfordringar og moglegheiter i det systemet vi har i dag. Rapporten inneheld konkrete forslag til fjerning av dokumentasjonskrav og rapportering både nasjonalt og lokalt. Det går fram at det er forståing i skulesektoren for at det er behov for ulike typar rapportering og dokumentasjon. Utfordringa er det totale omfanget av ulike krav. Kvar for seg har dei ulike rapporterings- og dokumentasjonskrava legitime føremål, men til saman skapar dei ein kvardag der meir og meir av merksemda vert retta mot å levere oppover i systemet eller bidra i ulike forskingsundersøkingar. Det blir etter fylkesrådmannen sitt syn viktig at gruppa som skal settast ned, skal følgje opp funna i rapporten og på dette grunnlaget vurdere i kva grad Hordaland fylkeskommune bør endre praksis knytt til rapportering og dokumentasjon.

Fylkeskommunen sitt handlingsrom vert i hovudsak påverka av krav i lovverket og fortolkingar som vert utarbeidd av Utdanningsdirektoratet. Rapporten byggjer på to kvantitative spørjeundersøkingar og kvalitative intervjuar i sju utvalde kommunar, tre fylkeskommunar og fem fylkesmannsembete, i tillegg til dialogmøte med desse, KS, Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

Analytisk modell for studiet av dokumentasjons- og rapporteringskrav i skolesektor



Alle videregående skular i landet vart invitert til å svare på undersøkinga. Svarprosenten var høgare i dei videregående skulane enn i grunnskulen både på lærar, skuleleiar og skuleeigarnivå. Funn frå det kvalitative og det kvantitative materialet stadfestar, utdjupar og nyanserer kvarandre, og tendensane i datamaterialet frå dei ulike kjeldene er samanfallande og gir tiltru til at kvaliteten på det kvalitative datamaterialet er god. Samla sett gir data som er samla inn i prosjektet eit breitt og nyansert innblikk i kva rapporterings- og dokumentasjonskrav som vert stilt til skulane, kva legitimitet dei har og kva kostnad og nytte dei har for lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar.

Hovudfunn i rapporten

Skuleleiarane dokumenterer sjeldan meir enn dei er pålagt å gjere, men dei opplever at det stadig vert stilt nye og meir presise og detaljerte krav til planar og rutinar. Kravet om at kommunen/fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å sikre rettigheter som går fram av opplæringslov og forskrift, kan tolkast ulikt. Den aukande tendensen til tilsyn og rettleiing frå statlege myndigheiter fører som oftast til skjerpa krav til dokumentasjon. Det er likevel viktig å merke seg at dei nasjonale krava i kvalitetsvurderingssystemet i liten grad fører til meirarbeid for skulane og lærarane.

Lærarane er meir kritiske enn skuleleiarane til argumentasjonen om auka behov for dokumentasjon og rapportering knytt til kvalitetsvurdering, og dei er meir kritiske til korleis ulike krav vert gjennomført og følgt opp reint praktisk. Det er likevel interessant at hovudtendensen viser at lærargruppa som heilskap er meir einig enn ueinig i dei argumenta som vert gitt av lokale og nasjonale skulemyndigheiter. Det er ikkje dokumentasjons- og rapporteringsordningane i seg sjølv dei reagerer på, men det totale omfanget av undersøkingar og moglegheita til å følgje opp og nytte resultatane i undervisninga.

Dokumentasjons- og rapporteringskrav knytt til den einkilde elev sine rettar vert vurdert meir positivt av lærarane enn dei som er meir knytt opp mot kvalitetsvurderingssystemet som til dømes elevundersøkinga. Det er også verd å merke seg at når det gjeld dokumentasjon av krav om undervegsvurdering, er det eit funn at lærarar kan ha tendens til å samle meir dokumentasjon enn det som er krav i lovverket og lokale retningslinjer. Dette kan ha samband med at elevar og foreldre stadig krev meir grunngeving og tilbakemelding frå lærarane. Lærarane peikar også på at det i samband med klage på standpunktarakter er viktig å ha skriftleg dokumentasjon på at undervegsvurdering er gitt gjennom året.

Skuleeigarnivået vurderer generelt nytten av rapporterings- og dokumentasjonskrav knytt til kvalitetsvurdering (t.d. elevundersøkinga, nasjonale prøver, kartleggingsprøver,) høgre enn det lærarane gjer. Nyttan vert opplevd høgre di høgre ein kjem i styringshierarkiet.

Rapporten avsluttar med å stille spørsmål om den totale nytten er høgre enn kostnadene knytt til å følgje opp alle rapporterings- og dokumentasjonskrav, og vurderer at det er vanskeleg å slå fast at nytten av krav kan forsvare kostnadene.

Fylkesrådmannen meiner at kartlegginga var svært grundig og at rapporten som vart lagt fram i 2014, framleis er eit relevant kunnskapsgrunnlag som bør leggast til grunn for ein gjennomgang av tidsbruk i dei vidaregåande skulane i HFK.